

Bremanger kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

NB!

Merk at møtestart er
framskunda til kl 9.00 for
dette møtet!

Møteinnkalling

Møtedato: 27.11.2014

Møtestad: Bremanger kommunehus, møterom 3. etasje

Møtetid: Kl. 09:00 til maks 11:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 35, forvaltningsrevisor i sak 35 og 36.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
033/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/14	Skriv og meldingar
035/14	Forvaltningsrevisjon: Rapport om Prosjektrapportering og oppfølging
036/14	Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014
037/14	Innkjøpsrutinar
038/14	Oppfølgingsliste og merknader 5 - 2014

Med helsing

Harry Gulestøl
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 27.11.2014	Saksnr 033/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/278
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 27.11.2014	Saksnr 034/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/277
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.11.2014	Kulturskulen Brev til Arbeidstilsynet med tilbakemelding etter varsel om pålegg 310714	898
19.11.2014	Kulturskulen Brev frå Arbeidstilsynet om tilsyn datert 040814	899
19.11.2014	Kulturskulen Brev frå Arbeidstilsynet med varsel om tvangsmulkt datert 230914	900
19.11.2014	Stasjonen barnehage brev frå Arbeidstilsynet med varsel om tvangsmulkt 230914	901
19.11.2014	Stasjonen barnehage brev frå Arbeidstilsynet om oppfylt pålegg 06112014	902

Status for desse varsla om tvangsmulkt etter dokumentasjonen ovanfor:

Kulturskulen: Varsel om tvangsmulkt av 23.9.14 er siste dokument hittil.

Stasjonen barnehage: Pålegg er oppfylt jf brev frå Arbeidstilsynet av 6.11.14.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Til

Arbeidstilsynet v/Oddvar Mikalsen

Frå

Bremanger kulturskule

Postboks 104

6721 SVELGEN

Tilbakemelding etter varsel om pålegg 2014/59015, Bremanger kulturskule

Vi har gjort følgende tiltak i Bremanger kulturskule etter varsel om pålegg frå arbeidstilsynet.

- Bedriftshelsetjenesta har gjennomført samtale og tatt prøver, deriblant hørselstest, av alle tilsette.
- Støypete øyrepopper er kjøpt inn til alle dei tilsette som er utsett for høge lydar i løpet av arbeidsdagen.
- Det er gjort forsøk på å opprette ei «stillesone» i lokalet på Hauge. To tilsette har flytta ut av arbeidsplassen sin for og innreie eit rom til pauserom der dei tilsette kan setje seg ned utan at det er gjennomgang gjennom rommet. Men skal dette bli ei god nok «stillesone» må det lydisolerast i tillegg.
- Har gjort innkjøp av ei kaffemaskin til glede for alle tilsette.

Kommentar til endringane:

Det hjelper på situasjonen at dei tilsette kan lukke døra og sleppe gjennomgang på pauserommet, men det er fortsatt mykje lyd frå undervisning i andre rom, i pauserommet/stillesona. Det må derfor lydisolerast meir om dette skal bli ei god nok «stillesone» og det har vi ikkje ressursar til å gjennomføre no.

Etter desse endringane har 2 tilsette (ein av dei er rektor) flytta ut av arbeidsplassen og må arbeide på heimekontor. V har no kun 1 godkjent arbeidsplass att på skulen som skal vere tilgjengeleg for 14 tilsette.

Som rektor eg eg alvorleg bekymra for konsekvensane for arbeidsmiljøet, då dei tilsette ikkje kan vere på arbeid samtidig. Dei tilsette vil ikkje eingong møter rektor på jobb no, sidan eg må arbeide på heimekontor eller på rådhuset i Svelgen. Med denne situasjonen er det umuleg for oss å kunne gjennomføre fellestid på arbeidsplassen utanom personalmøter. Det er særst uheldig.

Bremanger, 31.07.2014

Mvh

Grete Berntzen, rektor i Bremanger kulturskule



Arbeidstilsynet

VAR DATO
04.08.2014
DYKKAR DATO

VAR REFERANSE
2013/40532
DYKKAR REFERANSE

1 av 2

VÅR SAKSBEHANDLAR
Oddvar Mikalsen, tlf. 95816314

899

BREMANGER KOMMUNE
Postboks 104
6721 SVELGEN

Syner til tilsyn ved Bremanger kulturskule

Det kan sjå ut som at det ikkje er gode nok arbeidslokalar for tilsette ved kulturskulen, jf. tilbakemelding frå kommunen datert den 31.07.2014.

Arbeidstilsynet må få tilbakemelding der kommunen ved rådmannen vurderer tilhøva ved skulen opp mot pålegg frå Arbeidstilsynet.

Frist for tilbakemelding: 1. september 2014

Pålegg er vedlagt.

Vi ber om at du oppgir referansenummeret vårt 2013/40532 når du svarer.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Rune Joar Ravnstad
tilsynsleder
(sign.)

Oddvar Mikalsen
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
Virksomhetens verneombud
BREMANGER KULTURSKULE, Postboks 104, 6721 SVELGEN



000000329569



BREMANGER KOMMUNE
Postboks 104
6721 SVELGEN

Tilsyn - BREMANGER KULTURSKULE

Vi viser til tilsynet hos verksemda den 21.01.2014.

Varsel om tvangsmulkt

Vi viser til pålegg av 05.03.2014 med frist 01.05.2014.

Vi har ikkje fått tilbakemelding om at punktet er oppfylt(e).

Dette brevet er eit varsel om at vi vurderer å gi dykk ei tvangsmulkt for at de skal oppfylle punktet innan fristen. Viss de har kommentarar, må vi ha desse skriftleg innan **04.10.2014**. Oppgi i så fall referansenummer 2013/40532. Viss vi ikkje høyrer frå dykk, vil Arbeidstilsynet gi dykk tvangsmulkt i tråd med punktet under. De vil deretter motta eit eige brev om vidare oppfølging.

Arbeidstilsynet har heimel i arbeidsmiljølova § 18-7 til å fastsette tvangsmulkt. **Vi vurderer å gi dykk tvangsmulkt for følgande:**

Pålegg - Arbeidsplasser og arbeidslokaler - støy (utleier)

Verksemda skal sørge for at arbeidslokala og arbeidsplassane er utforma og innreidde slik at dei enkelte arbeidsplassane er verna mot støy.

Vilkår:

For å kunne vurdere om pålegget er oppfylt, må vi innan fristen ha mottatt

- beskriving som viser at arbeidslokala og arbeidsplassane er utforma og innreidde slik at dei enkelte arbeidsplassane er verna mot støy
- beskriving av korleis arbeidstakarane har medverka

I tillegg til å vurdere støy skal også verksemda kartlegge sjølve arbeidsplassen jf. arbeidsforskriften kapittel 2 og 3.

Heimel: arbeidsmiljøloven § 4-4 første ledd og forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler (arbeidsplassforskriften) §§ 1-3 fjerde ledd og 2-16



000000076135



Med helsing
Arbeidstilsynet

Rune Joar Ravnestad
tilsynsleder
(sign.)

Oddvar Mikalsen
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
Virksomhetens verneombud



001000076149

BREMANGER KOMMUNE
Postboks 104
6721 SVELGEN

Tilsyn - STASJONEN BARNEHAGE

Vi viser til tilsynet hos verksemda den 21.01.2014.

Varsel om tvangsmulkt

Vi viser til pålegg av 21.03.2014 med frist 15.05.2014.

Vi har ikkje fått tilbakemelding om at punktet er oppfylt.

Dette brevet er eit varsel om at vi vurderer å gi dykk ei tvangsmulkt for at de skal oppfylle punktet innan fristen. Viss de har kommentarar, må vi ha desse skriftleg innan **04.10.2014**. Oppgi i så fall referansenummer 2014/59015. Viss vi ikkje høyrer frå dykk, vil Arbeidstilsynet gi dykk tvangsmulkt i tråd med punktet under. De vil deretter motta eit eige brev om vidare oppfølging.

Arbeidstilsynet har heimel i arbeidsmiljølova § 18-7 til å fastsette tvangsmulkt. **Vi vurderer å gi dykk tvangsmulkt for følgande:**

Pålegg - Inneklima - kartlegging og risikovurdering

Arbeidsgivaren skal kartlegge og risikovurdere om arbeidslokale er utforma og innreidde slik at dei enkelte arbeidsplassane, personalromma osv. har eit tilfredsstillande inneklima. Verneombodet / representanten for dei tilsette skal medverke.

Vilkår:

For å kunne vurdere om pålegget er oppfylt, må vi innan fristen ha mottatt

- ein kopi av kartlegginga
- ein kopi av risikovurderinga
- ei beskriving av korleis verneombodet / representanten for dei tilsette har medverka

Heimel: arbeidsmiljøloven § 3-1 andre ledd bokstav c, forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 7-1 og forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler (arbeidsplassforskriften) § 2-14 første ledd



000000156462



Med helsing
Arbeidstilsynet

Rune Joar Ravnstad
tilsynsleder
(sign.)

Oddvar Mikalsen
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
Virksomhetens verneombud



001000156476



BREMANGER KOMMUNE
Postboks 104
6721 SVELGEN

Tilsyn - STASJONEN BARNEHAGE

Vi viser til tilsynet hos verksemda den 21.01.2014.

Viser ogso til svar frå kommunen datert den 21.10.2014.

Oppfylte pålegg

Pålegg - Inneklima - kartlegging og risikovurdering

I tilbakemeldinga vart det gjort greie for kva tiltak verksemda har planlagt å utføre.

På bakgrunn av opplysningane ser Arbeidstilsynet kravet som oppfylt.

Vi gjer verksemda oppmerksam på at Arbeidstilsynet på eit seinare tidspunkt kan kontrollere om tiltaka er gjennomførte.

Informasjon til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd. Vi har sendt ein eigen kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal arbeidsgivaren gi kopien til representanten for dei tilsette.

Har de behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på www.arbeidstilsynet.no og www.regelhjelp.no. De kan også kontakte oss på telefon 815 48 222. Dersom de har spørsmål til saka, kontakt sakshandsamaren, oppgi referansenummeret 2014/59015.



001000048269



Med helsing
Arbeidsstilsynet

Rune Joar Ravnestad
tilsynsleder
(sign.)

Oddvar Mikalsen
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidsstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
Virksomhetens verneombud
STASJONEN BARNEHAGE, 6727 BREMANGER

SEKOM-sekretariat

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Bremanger kontrollutval	27.10.2014	029/14
Bremanger kontrollutval	27.11.2014	035/14

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Audhild Ragni Vie Alme	FE-217, Komnr-1438	14/148

Forvaltningsrevisjon: Rapport om Prosjektrapportering og oppfølging

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.10.2014	Forvaltningsrevisjonsprosjekt Bremanger kommune - Prosjektrapportering og oppfølging	658
17.11.2014	Svar på: Spørsmål stilt til revisor i møte den 27.10.2014	862
17.11.2014	E-postar mellom revisor og rådmann om tilleggsspørsmål frå KU 271014	863

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret)

1. Kommunestyret tek rapport frå forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og oppfølging til orientering.
2. Kommunestyret viser til tilrådingane i pkt 8.3 og 8.12 og ber rådmannen følge opp med prioritering av:
 - Revisjon av økonomireglement.
 - Rutinar for etterleving av reglement.
 - Sluttrekneskap frå investeringsprosjekt.
3. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga innan utgangen av 1. halvår 2015.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 27.10.2014:

Forvaltningsrevisor Charles Litsheim gjekk gjennom rapporten.

Framlegg i møtet:

Kontrollutvalet ønskjer tilleggsnotat frå revisor til kontrollutvalsmøte 27.11. om:

1. Det vert gjort ein ekstra sjekk på at alle reglementa som er lagt til grunn i rapporten er siste versjon.

2. Det vert gjort ei vurdering i bruk av offentleglova i prosjektstyringa.
3. Har dei grupper som har hatt møte i saka om omsorgssenter hatt formell status etter kommunen sine reglement?

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

BRE-029/14 Vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer tilleggsnotat frå revisor til kontrollutvalsmøte 27.11. om:

1. Det vert gjort ein ekstra sjekk på at alle reglementa som er lagt til grunn i rapporten er siste versjon.
2. Det vert gjort ei vurdering i bruk av offentleglova i prosjektstyringa.
3. Har dei grupper som har hatt møte i saka om omsorgssenter hatt formell status etter kommunen sine reglement?

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til rapporten frå KRYSS Revisjon. Prosjektet vart valt av kontrollutvalet den 10. oktober 2013 og tinga den 27. november 2013 i KU-sak 35/13:

Tinginga for prosjektet: Prosjektrapportering og oppfølging, vert godkjent med endra leveringsdato til 1. oktober 2014.

Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.

Utkast til tinging av neste forvaltningsrevisjonsprosjekt vert lagt fram i oktober 2014.

Frå tingingsdokumentet:

Formål med undersøkinga
Dei styrande organ i Bremanger kommune ynskjer å få kjennskap til om prosjektrapportering og oppfølging er i tråd med gjeldande regelverk.
Avgrensing av undersøkinga
Kontrollen skal avgrensast til 2012 og 2013.
Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet
Etterlever administrasjonen dei reglar og rutinar i sin rapportering av investeringsprosjekt til politisk nivå. Her under: perioderapporteringar/statusrapporteringar.

KRYSS Revisjon har gått gjennom prosjekta for 2012 og 2013 slik det går fram av tinginga. Vurdering og konklusjonar kjem fram i kapittel 8 i rapporten.

- Tilrådingane ligg i pkt 8.3 og 8.12.
- Forholdet mellom økonomireglement og delegasjonsreglement (8.1 – 8.3)
- Konkrete prosjekt (8.4 – 8.9)
- Status for sluttrekneskap (8.10 – 8.11)

Sekretariatet meiner rapporten har fleire funn som bør følgjast opp:

1. Behov for revisjon av økonomireglement og avklare begrepsbruk
2. Sikre etterleving av reglement
3. Avslutting av prosjekt med sluttrekneskap og sluttrapport

Oppfølging av punkta heng til ei viss grad saman. Sekretariatet meiner reglementa bør reviderast mellom anna for å sikre

- At innhaldet er oppdatert til noverande organisering.
- At begrepsbruk er eintydig.
- Naudsynt rapportering og oppfølging til politiske organ.

Det er også viktig at dei vedtekne reglementa vert følgde. Sikring av etterleving er difor eit av punkta i sekretariatet si tilråding.

Rapporten peikar på at det er store manglar knytt til prosjektrekneskap. Sekretariatet rår til at det vert teke med eit punkt i vedtaket om å prioritere avslutning av prosjekta ved sluttrekneskap. Kontrollutvalet har tidlegare peika på manglande sluttrekneskap. Seinast i uttale til årsrekneskapen for 2013:

Utvalet viser også til revisor sin uttale om levering av prosjektrekneskap. Det er ikkje tilfredstillande at prosjektrekneskap ikkje er lagt fram.
--

I tilrådinga frå sekretariatet, viser vi til tilrådingane i pkt 8.3 og 8.12 med spesiell prioritering av:

- a. Revisjon av økonomireglement.
- b. Rutinar for etterleving av reglement.
- c. Sluttrekneskap frå investeringsprosjekt.

Punkta vil i tilfelle munne ut i eigne saker både til kontrollutval og kommunestyre. Sekretariatet rår likevel til at rådmannen orienterer kontrollutvalet om den samla oppfølginga av rapporten i løpet av første halvår 2015.

SEKOM-sekretariat viser elles til den vedlagde rapporten. Forvaltningsrevisor Charles Litsheim vert med på kontrollutvalet sitt møte.

Tillegg, 17.11.14:

Sekretariatet viser til tilleggsspørsmåla i møte den 27.10.14. Revisor sitt notat med svar på desse er lagt ved.

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KOMMUNEREVISJONEN

Ytre Sogn og Sunnfjord

KRYSS-REVISJON

Dato: 13/10-2014

Off:

Reg.nr.: 49/2014

Journalf

Arkiv: 216

Avd.kode:

Saksbehandlar: *B. Ø. Hansen*

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Bremanger Kommune

”Prosjektrapportering og oppfølging ”

Endeleg rapport levert den: 13.10.2014

INNHALD

1	Samandrag av rapporten	3
2	INNLEIING	3
2.1	Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:	3
3	BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA	4
3.1	Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen	4
3.2	Tingingsdokumentet frå SEKOM	4
3.2.1	Problemstillingar og avgrensingar av prosjektet	4
3.3	Oppdragsforståing og avgrensingar.	4
3.3.1	Vår tolking av problemstillingane sett i samanheng med føremålet i tinginga	4
4	REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM	4
4.1	Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet	4
4.2	Utleiing av kriterier frå sentrale kjelder	5
4.2.1	Problemstilling 1:	5
4.2.2	Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten	5
5	METODE	6
6	SKILDING AV DET REVIDERTE TENESTEOMRÅDET	6
6.1	Administrativ organisering:	6
7	FAKTA	7
7.1	Økonomireglementet punkt 9: Reglement for investeringsprosjekt	7
7.2	Tilhøvet mellom delegasjonsreglementet og økonomireglementet.	8
7.3	Faktisk motteke rapportering for dei kontrollerte åra 2012 og 2013	9
8	Vurderingar og konklusjonar	12
8.1	Forholdet mellom Økonomireglementet og delegasjonsreglementet	12
8.2	Konklusjon	13
8.3	Tilråding	13
8.4	Forprosjektet Svelgen omsorgssenter	13
8.5	Konklusjon.	14
8.6	HDU bustader på Hauge.	14
8.7	Konklusjon	15
8.8	Kalvåg oppvekst og Hauge skule	15
8.9	Konklusjon.	15
8.10	Rapportering i form av sluttregneskap på fullførde og avslutta byggjeprojekt.	15
8.11	Konklusjon	16
8.12	Tilråding:	16
9	RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA	17
10	UNDERSKRIFT PÅ RAPPORTEN	17
11	REFERANSAR	18
12	Vedlegg til rapporten	18
12.1	Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen	18
13	KVA FORVALTNINGSREVISJON ER	18
13.1	Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	18
13.2	KRYSS-Revisjon	18
13.3	Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen	18
13.4	Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium	19

1 SAMANDRAG AV RAPPORTEN

I mandatet til denne forvaltningsrevisjonen var føremålet med tinginga å få kunnskap om prosjektrapportering og oppfølging i høve regelverket. Revisjonskriteria vart utleia frå økonomireglementet punkt 9- Reglement for investeringsprosjekt.

Vi fann tidleg ut at økonomireglementet som vart vedteke i 2002, på fleire område ikkje samsvarar med det nyleg reviderte delegasjonsreglementet. Det medførte utfordringar i arbeidet med å fastslå kva reglar som gjeld. Vi ser at rapporteringsreglar i reglementet viser til politiske utval som ikkje lenger eksisterer jf. delegasjonsreglement. Vi ser også at rapportering i større prosjekt ikkje vert gjort av byggjenemnda. Vi meiner reglementsituasjonen i Bremanger kan skape uvisse kring kva som eigentleg er gjeldande regler for rapportering. I økonomireglementet punkt 9.8 står det at det er byggjenemnda i kommunen som er byggherre/eigar av investeringane. Vidare står det at eigar av investeringane er ansvarleg for framdrift, rapportering og utarbeiding av sluttrekneskap. I praksis har ikkje byggjenemnda den posisjonen det er tillagt etter økonomireglementet punkt 9.8.

Vi meiner det er på tide å revidere heile økonomireglement, slik at det speglar dagens politiske og administrative organisering.

I og med at kart og terreng ikkje lenger stemmer, ser vi i rapporten at reglane om rapportering frå byggjenemnda ikkje blir etterlevd. Rapportering skjer til formannskap/kommunestyre frå kommunalt tilsette gjennom fullført sakshandsaming.

Reglane i økonomireglementet om rapportering seier at rapporteringa skal skje formelt gjennom byggjenemnda.

Vi har konkludert med at forprosjektet Svelgen omsorgssenter har vorte rapportert til kommunestyret slik hovudreglane i økonomireglement punkt 9 krev.

For dei tre andre kontrollerte prosjekta kan vi ikkje sjå at reglane i økonomireglementet punkt 9 er etterlevd. I desse prosjekta er byggjenemnda si rolle og ansvar etter økonomireglementet punkt 9 fråverande. Dei har som organ hatt svært lite med desse tre prosjekta å gjere.

Vi ser i vår revisjon at reglane om sluttrekneskap ikkje har vorte etterlevd. Det er ikkje lagt fram sluttrekneskap sidan 2009. Det skulle i perioden frå 2009 og fram til i dag vore levert 11 sluttrekneskap.

2 INNLEIING

Føremålet med rapporten er å finne ut om prosjektrapportering og oppfølging er i tråd med gjeldane regelverk. Regelverket i denne rapporten er vedtaket som ligg til grunn for økonomireglementet i Bremanger kommune.

Ein av dei grunnleggjande funksjonsskilnadane mellom lokalpolitisk og administrativt nivå, er at dei folkevalde styrer gjennom vedtak, medan rådmannen si oppgåve er å gjennomføre vedtaka. I så måte er ein kontroll av vedtaksetterleving ein sjekk på om lokaldemokratiet fungerer slik det er bestemt gjennom kommunelova.

2.1 Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:

- ❖ Plan- og byggjenemnda inkluderer økonomireglementet si nemning «byggjenemnda»

3 BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA

3.1 Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen

Bakgrunnen for dette prosjektet går fram av *tingingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat, datert 27.11.2013. Det vert der synt til at dei styrande organa i Bremanger kommune ynskjer å få kjennskap til om prosjektrapportering og oppfølging er i tråd med gjeldande regelverk.

3.2 Tingingsdokumentet frå SEKOM

3.2.1 Problemstillingar og avgrensingar av prosjektet

Problemstillingane for forvaltningsprosjektet er gjeve i tingsingsdokumentet:

«Etterlever administrasjonen dei reglar og rutinar i sin rapportering av investeringsprosjekt til politisk nivå. Herunder; Perioderapporteringar/statusrapporteringar.»

Tidsavgrensing: Kontrollen skal avgrensast til 2012 og 2013, i følge tingsingsdokumentet.

3.3 Oppdragsforståing og avgrensingar.

3.3.1 Vår tolking av problemstillingane sett i samanheng med føremålet i tinginga

I føremålet med revisjonen er spørsmålet om kunnskap kring projektrapportering og oppfølging er i tråd med gjeldande regelverk. Det vert ytterlegare spissa i tinginga at det gjeld rapportering til politisk nivå.

Projektrapportering vert i denne samanheng forstått som økonomirapportering i tillegg til rapportering om utviklinga i det ein skilde investeringsprosjektet. Vi ser det som naturleg å vurdere innhaldet i rapporteringa mot dei skriftlege rutinar som kommunen sjølv har vedteke.

Vi vil ikkje vurdere kvaliteten¹ på innhaldet i rapporteringa. Det viktige slik vi forstår oppdraget, er å fastslå om rapportering, og innhald skjer slik det er vedteke i reglement for investeringsprosjekt.

I reglement for investeringsprosjekt punkt 9.8 – Administrasjon, går det klart fram at det er byggjenemnda i kommunen som er byggherre/eigar av investeringane. Det er dei som er tillagt ansvaret for framdrift, rapportering og utarbeiding av sluttrekneskap. Byggjenemnda har også ansvaret for at økonomisk styring og finansiering er i orden.

Slik vi tolkar og forstår oppdraget må difor «administrasjonen» tolkast som «byggjenemnda». Det får som konsekvens at vi i vårt arbeid vil sjå på korleis dei som organ fungerer i forhold til rapportering av investeringsprosjekt. Vi syner her til føremålet med revisjonen, der det står at ein ynskjer kunnskap om projektrapportering og oppfølging er i tråd med gjeldande regelverk.

4 REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

4.1 Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium er mellom anna lover og føreskrifter, anerkjende prinsipp for økonomistyring, politiske vedteke rutineverk og administrativt rutineverk m.a. i økonomihandboka til kommunen.

¹ Kvalitet i tydinga faktaverifisering av innhaldet i rapporteringa.

Nedanfor vil vi først gå gjennom rammeverket for og til slutt dei konkretiserte revisjonskriteria som er lagt til grunn for undersøkinga.

4.2 Utleiing av kriterier frå sentrale kjelder

Kommunelova § 1, formålsparagrafen, seier mellom anna at formålet med lova er å tilretteleggje for ein effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene. I kommunelova § 6 vert det slått fast at kommunestyret er det øvste kommunale organet. I same lov § 6, 2. setning står det at kommunestyret treffer vedtak. Når du ser desse paragrafane i samanheng med forvaltningslova § 2, der mellom anna omgrepet "vedtak" vert definert, har du juridisk heimla kommunestyret sin vedtakskompetanse.

Vidare finn vi i kommunelova § 23 nr 2, at administrasjonssjefen/rådmannen skal syte for at administrasjonen vert drifta i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at vedtak vert iverksett. Gitt føremålsparagrafen i kommunelova og premissane i rådmannsansvaret etter kommunelova § 23 nr 2 framstår det som klårt at rådmannen har ansvaret for å drifte administrasjonen i samsvar med sentrale lover og lokalt fatta vedtak.

Bremanger kommune har som eit av sine sentrale styringsdokument eige økonomireglement, som vart vedteke i kommunestyret i desember 2002.

I økonomireglementet finn du under punkt 9 reglane for investeringsprosjekt.

I punkt 9.8 «Administrasjon» står det at byggenemnda er byggherre/eigar av investeringane medan dei er i prosjektfasen. I det ligg ansvaret for at økonomisk styring og finansiering er i orden.

Det går fram i andre avsnitt at byggenemnda også har ansvaret for framdrift, rapportering og utarbeiding av sluttrekneskap.

Det er fleire punkt i økonomireglementet som har rapportering som tematikk.

Det er i punkt 9.9.1 «Forprosjekt» fleire spesifiserte krav til innhaldet i eit forprosjekt. Sjå punkt 9.9.1 siste avsnitt. Forprosjektet skal fremmast for politisk godkjenning. Det vil seie: byggeprogram inklusiv kostnadsoverslag. Slikt dokument skal leggst fram som sak til kommunestyret.

I punkt 9.9.4 «byggstart» er det eit krav til rapportering frå byggenemnda til plan- og utviklingsutvalet i form av ei melding om kostnadsoverslaget og tidspunkt for igangsetjing.

I økonomireglementet punkt 9.9.6 «Prosjektrekneskap» står det at det skal utarbeidast projektrekneskap for alle investeringar over kr 3 000 000. Slike projektrekneskap skal jamnleg leggst fram. I økonomireglementet punkt 9.9.9 «Sluttrekneskap» er det kravd at projektrekneskapen skal leggst fram for kommunestyret. Projektrekneskapen har i økonomireglementet no fått nemninga sluttrekneskap. Eit sluttrekneskap skal være attestert av revisor, og det skal innehalde forslag til inndecking/finansiering av eventuelle overskridingar eller disponering av eventuell overfinansiering. Det er eit krav i punkt 9.9.9 at slikt sluttrekneskap skal være fremma seinast eit år etter overtakingssforretning. Ansvaret for at slikt sluttrekneskap vert lagt fram for kommunestyret er tillagt byggenemnda jf. Punkt 9.9.9, 2.ledd

4.2.1 Problemstilling 1:

Etterlever administrasjonen dei reglar og rutinar i sin rapportering av investeringsprosjekt til politisk nivå. Her under: perioderapporteringar/statusrapporteringar.

4.2.2 Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten

Dei konkretiserte revisjonskjeldene – revisjonskriteria – som er nytta i denne rapporten, er fleire. Nedanfor er revisjonskriteria og problemstillingane (i følge tinginga) dei er knytte til, lista opp:

Problemstilling:	Ordlyd:	Revisjonskriterium:
Nr 1:	” Etterlever administrasjonen dei reglar og rutinar i sin rapportering av investeringsprosjekt til politisk nivå. Her under: perioderapporteringar/status rapporteringar.”	• Byggjenemnda er ansvarleg for framdrift, rapportering og utarbeiding av sluttregneskap på investeringar over kr. 3 000 000 jf. økonomireglementet punkt 9.8 og 9.9.9. • Rapportering frå byggjenemnda skal jf. økonomireglementet gjerast når: Behov for tilleggsføringar, og ferdigstilling i form av sluttregneskap til kommunestyret. • Forprosjekt skal fremmast for politisk godkjenning Melding om kostnadsoverslag og oppstart av hovudprosjektet skal rapporterast til plan- og utviklingsutvalet. Framdriftsplanen for hovudprosjektet skal rapporterast til plan- og utviklingsutvalet. Alle investeringar skal ha kommunestyrevedtak.

Tabell 1: Problemstillingar i forvaltningsrevisjonen og nytta revisjonskriterium

5 METODE

Vi føreset i vårt arbeid med denne revisjonen at vi har fått tilgang til all etterspurd eller relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde frå desse er komplett og dekkjande.

Meir spesifikt har vi nytta dokumentanalyse og analyse av økonomidata.

6 SKILDRING AV DET REVIDERTE TENESTEOMRÅDET

6.1 Administrativ organisering:

Bremanger kommune er administrativt organisert i ein modell med rådmann som øvste administrative leiar og ansvarleg. For å bistå rådmannen i leiinga av kommunen har han oppretta ei leiargruppe. Leiargruppa består av stabsmedlemmane og kommunalsjefane.

Hovudoppgåvene til leiargruppa er jf. heimesida til kommunen:

Strategisk utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon

Overordna økonomi og budsjettansvar

Strategisk tenesteutvikling og oppfølging av drifta

Følgje opp politiske vedtak

Strategisk personalarbeid, organisasjonsutvikling og utvikling av HMS


Drift og utvikling av IKT

Informasjon innad i organisasjonen og utad mot publikum

Leiargruppa er sett saman av personalsjef/ass. rådmann, kommunalsjefar, økonomisjef, leiar for servicekontoret, leiar for NAV- kontoret og IKT-sjef.



Administrativ organisering - Bremanger kommune



Pr. 05.08 2013

Figur henta frå Bremanger kommune si heimeside, sjå www.bremanger.kommune.no

7 FAKTA

Problemstilling:

” Etterlever administrasjonen dei reglar og rutinar i sin rapportering av investeringsprosjekt til politisk nivå. Her under: perioderapporteringar/statusrapporteringar »

7.1 Økonomireglementet punkt 9: Reglement for investeringsprosjekt

I arbeidet med å kartleggje faktisk rapportering av byggjeprojekt, fann vi det naturleg å sjå etter kva kommunestyret har vedteke som rapporteringspraksis i Bremanger kommune.

I økonomireglementet punkt 9, vedteke i desember 2002, ligg føringane frå kommunestyret i høvet rapportering av investeringar.

I punkt 9.1 er føremålet med reglementet sagt å være at reglementet skal leggst til grunn uansett organisering av det politiske og administrative apparat oppretta for å handtere prosjekt.

I punkt 9.2 er investeringar definert til å være bygg, inventar og utstyr inklusiv EDB investeringar, maskiner og køyretøy i tillegg til anlegg – herunder park- og idrettsanlegg.

I punkt 9.8 finn ein at det er byggenemnda i kommunen som er byggherre/eigar av investeringane (driftsansvar). Byggenemnda har ansvaret for at den økonomiske styringa og finansieringa er i orden. Byggenemnda er tillagt ansvaret for framdrift, rapportering og utarbeiding av sluttrekneskap på investeringane. Det vert slått fast i punkt 9.8 at også ad hoc byggjeutval er omfatta av reglane i reglementet.

Rapportering og gangen i investeringsprosjekt etter økonomireglementet punkt 9:

1. Eit investeringsprosjekt skal fremmast gjennom administrasjonssjefen til kommunestyret i samband med årleg rullering av økonomiplan² og budsjett. Investeringsprosjektet³ skal ha kommunestyrevedtak.
2. Eit samla forprosjekt med dei opplysningar som er gjeve i punkt 9.9.1, skal fremjast for politisk godkjenning (kommunestyret) i samsvar med retningslinjer for fullført sakshandsaming.
3. Det skal alltid fremjast som eiga sak til kommunestyret dersom finansieringa til eit prosjekt er for låg.
4. Det skal jf. punkt 9.9.4 sendast ei melding frå byggjenemnda til plan- og utviklingsutvalet med informasjon om kostnadsoverslag og tidspunkt for oppstart av prosjektet.
5. I punkt 9.9.9 vert det kravd at sluttrekneskap⁴ skal utarbeidast og leggjast fram for kommunestyret. Sluttrekneskapet skal være attestert av revisjonen. Slikt sluttrekneskap skal fremmast for kommunestyret seinast 1 år etter overtakingsforretning. Sluttrekneskap skal innehalde forslag til vedtak på korleis overskridingar kan inndeckast, eventuelt korleis eit overskot/mindreforbruk kan disponerast.

7.2 Tilhøvet mellom delegasjonsreglementet og økonomireglementet.

Delegasjonsreglementet er eit av dei sentrale styringsdokumenta i kommunen. I Bremanger kommune vart gjeldande delegasjonsreglement revidert og oppdatert i kommunestyresak 006/13 den 07.02.2013.

I punkt 1.2 om politisk organisering står lista dei politiske organ, utval, nemnder og råd som er oppretta for perioden 2012 – 2015. Desse korresponderer ikkje heilt med politisk organisering som det vert synt til i økonomireglementet av 2002.

Mellom anna eksisterer ikkje Plan- og utviklingsnemnda, eller finansutvalet. Byggjenemnda som det vert synt til i økonomireglementet har fått nytt namn i delegasjonsreglementet. Her heter utvalet Plan- og byggjenemnda.

I delegasjonsreglementet punkt 1.4 – Hovudprinsipp, står det i underpunkt 1.4.1 –Kommunestyret «*Vedtaksmynde ved fordeling av ressursar mellom dei ulike tenestekområda*» og vidare i underpunkt 1.4.3 – Rådmannen: «*Mynde til å disponere innanfor kvart tenestekområde.*»

I økonomireglementet punkt 2.3.3 – Fullmaktar til finansutvalet underpunkt A framgår det dette: «*Finansutvalet har fullmakt i driftsbudsjettet til å fordele kommunestyret sin nettoramme på dei ulike ansvar og artar og føretake budsjettendringar.*»

Vi registrerar at desse punkta i dei to reglementa er kryssande og dei er eigna til å så tvil om kva fordelinga av budsjettmynda i drifta eigentleg er. Når vi i tillegg har synt til at nemninga Finansutval ikkje lenger er å finne i delegasjonsreglementet forsterkast inntrykket av at organisering og mynde ikkje er konsistent reglementa seg i mellom. I delegasjonsreglementet punkt 3.1 vert styrkeforholdet mellom dei to reglementa regulert. I punkt 3.1 i delegasjonsreglementet står dette: «*Alle tidlegare*

² I punkt 9.4 i økonomireglementet er framgangsmåten for investeringsprosjekt utanom økonomiplan/årsbudsjett skildra.

³ I økonomireglementet punkt 9.6 ligg krava til kva innhald eit løyvingforslag skal ha.

⁴ Sluttrekneskap skal utarbeidast seinast 1 år etter overtaking for investeringar over kr 3 000 000 jf punkt 9.9.6 i økonomireglementet.

vedtekne reglement/vedtekter og retningslinjer gjeld framleis. Dersom mynde i gjeldane reglement/vedtekter og retningslinjer ikkje samsvarar gjeld delegasjonsreglementet⁵ framfor desse.»

Dette punktet syner kor viktig det er for alle tilsette og politiske organ å alltid ha reglane i delegasjonsreglementet med seg, når dei nyttar økonomireglementet/andre reglement/rutiner som oppslag i høve korrekt handsaming av saker.

Omgrepsbruken i økonomireglementet

I arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen har vi nytta økonomireglementet punkt 9 – Reglement for investeringsprosjekt som vår hovudkjelde for utleiing av revisjonskriterier.

Det vi registrerer er at det vert nytta mange forskjellige ord om same tema.

Syner til punkt 9.1- Føremål. I fyrste setning vert ordet investeringsprosjekt nytta. I neste setning er omgrepet blitt byggje- og anleggsprosjekt. I punkt 9.3 – Forholdet til kommunen sitt plansystem, nyttast omgrepet Investeringar. Det går ikkje fram nokon plass i reglementet om dette er forskjellige nemningar på det same, eller om det er forskjellig innhald omgrepa i mellom.

Vi viser også til bruken av omgrepa sluttrekneskap og (sjå punkt 9.8- Administrasjon, 2.ledd) prosjektrekneskap (sjå punkt 9.9.6- Prosjektrekneskap, fyrste setning). Det går ikkje tydeleg fram av ordlyden om desse omgrepa tyder det same, eller om dei har forskjellig tyding og innhald.

Vi kan ikkje sjå at det finst definisjonar av nytta omgrep i økonomireglementet punkt 9.

7.3 Faktisk motteke rapportering for dei kontrollerte åra 2012 og 2013

Innleiing

I e-post fekk vi opplyst at det i 2012 – 2013 har vore to rehabiliteringsprosjekt for skulane Hauge og Kalvåg, eit nybygg av HDU bustader på Hauge og forprosjekt på Svelgen Omsorgssenter.

I same e-post bad vi om å få tilsendt saklistene⁶ for byggjenemda for 2012 og 2013. Dersom kommunen hadde ytterlegare skriftleg informasjon kring rapportering enn økonomireglementet bad vi om å få tilsendt det og.

I svaret frå kommunen vart det sagt at det ikkje føreligg noko sakliste for møter i Plan- og byggjenemda⁷, men at møter har vore halde relatert til framdrifta i det einskilte byggjeprojekt. Det går vidare fram i e-posten frå kommunen at økonomisystemet i Bremanger kommune ikkje er eit godt eigna verkty for prosjektoppfølgning. Det vert difor køyrt eige byggjerekneskap i eit prosjektprogram frå Holte Prosjekt.

I ein seinare motteke e-post frå kommunen får vi opplyst at sakliste for Plan- og byggjenemd i 2012 – 2013 gjev lite innsikt i prosessane.

Slikt oversyn over sakene handsama i byggjenemda er ikkje vedlagt i e-postane.

Medlemmane i byggjenemnda sit i kommunestyre og formannskap og har vore involvert i prosjekta i den grad dei sjølve har hatt ynskje om det jf. e-posten.

⁵ Vår understrekning.

⁶ Eit oversyn over møter, saker og uttaler/framlegg til vedtak gjev eit godt oversyn over aktiviteten i eit utval, og vil gje revisor større grad av sikkerheit for at motteken informasjon frå administrasjonen er fullstendig.

⁷ I økonomireglementet punkt 9.8 «Administrasjon» er nemninga på utvalet «byggjenemnda» Overskrifta «Administrasjon» antar vi viser til formell administrering/leiing av prosjekta.

Det framgår av same e-post at det i åra 2012 og 2013 ikkje vart halde eigne møter i Plan- og byggjenemda for ombyggingsprosjekta Kalvåg oppvekst og Hauge skule. Skisseprosjekt og kalkylar for desse ombyggingane vart presentert for formannskapet, og vedtekne der.

Motteke dokument, står seg av utskrifter av ei rekkje møter i forskjellige organ for prosjekta Svelgen omsorgssenter og HDU bustadar på Hauge.

Prosjektet Svelgen omsorgssenter

Organisering av forprosjekt Svelgen omsorgssenter.

I sakspapiret til kommunestyresak 004/13»Forprosjekt Svelgen omsorgssenter» er organisering av forprosjektet skildra.

Forprosjektet har vore inndelt i 7 hovudaktiviteter. HA- 01 til HA-07.

Det vart nedsett ei styringsgruppe for forprosjektet med ordførar som prosjektansvarleg og representantar for administrasjonen i kommunen, medlemmar frå plan- og byggjenemda, tillitsvalde, verneombod og interessegrupper⁸.

Under styringsgruppa vart det i forprosjektet oppretta 2 arbeidsgrupper. Rom/arealgruppe og kjøkkengruppe. Desse gruppene har inkludert fagpersonar som ergoterapeut og kokkar i tillegg til representantar for tilsette.

I forprosjektet Svelgen omsorgssenter har vi motteke møtereferat frå møter i styringsgruppa . I det eldste møtereferatet (februar 2012) frå styringsgruppa, står det at plan- og byggjenemda si rolle vart drøfta i møtet. Møtet konkluderte med at dei to medlemmane som ikkje sit i styringsgruppa skulle trekkast inn under HA-05⁹ . HA-05 var jf. møtereferatet å utarbeide spesifikasjon og utlysing for prosjekteringsgruppe.

Vi har i tillegg også motteke fleire møtereferat på forprosjektet Svelgen omsorgssenter som ikkje adresserer kva utval, eller organ møtelyden er. Desse møtereferata ber preg av å være orienteringsmøter der eksterne firma presenterer det arbeidet dei har utført og der kommunen vert utfordra på innhald, prioriteringar og lokalisering av forskjellige funksjonar i det framtidige bygget gjennom framlagte alternativ frå t.d. arkitektfirma.

Desse møtereferata i forprosjektet ser for oss ut til å referere til hendingar på ein arena for informasjonsutveksling, ynskjer, krav og avklaringar mellom arkitekt og forskjellige representantar for politisk nivå, administrasjon og brukergrupper. Det er varierende tal personar som møter, og tal tilstades frå kommunen varierer i kvart møtereferat. Det er ofte ein eller opptil tre møtande som har verv i Plan og byggjenemda.

Det vert ikkje sagt eller spesifisert om møtereferata skal handsamast av Plan- og byggjenemda eller kommunestyret som skriv/meldingssak eller vedtakssak. Det vert ikkje laga framlegg til vedtak i desse møta.

Faktisk rapportering til kommunestyret

I k.sak 004/13, den 07.02.2013 vart forprosjekt, Svelgen omsorgssenter lagt fram med full saksutgreiing og tilråding til vedtak frå formannskapet. I kommunestyrevedtaket vart forprosjektet Svelgen omsorgssenter godkjent. I forhold til sjølve ordlyden «administrasjonen» i problemstillinga,

⁸ Rådet for menneske med nedsette funksjonsevne og eldrerådet.

⁹ HA- 05: Hovudaktivitet 05, som relaterer seg til arbeidsinndelingane i forprosjektet for styringsgruppa. Forprosjektet Svelgen omsorgssenter delte inn sitt arbeid i 7 hovudaktivitetar.

er denne saksutgreiinga sjølv sagt ført i penn av administrasjonen. I saksutgreiinga vert det synt til mandatet gjeve av kommunestyret i kommunestyresak 007/12¹⁰, den 19.01.2012. Det vert også synt til strategisk plan for pleie og omsorgssektoren og mandatet til forstudiet i formannskapssak 016/10, i møte den 19.01.2010.

I same vedtak, punkt 2, 3 og 4, fekk plan- og byggjenemnda i oppgåve å føre prosjektet vidare, informere referansegruppa i prosessen, halde minst eit fellesmøte og legge saka fram for kommunestyret med innstilling til val av entreprenør, kostnadsoverslag for heile prosjektet, finansieringsplan og forslag til organisering av byggeprosessen.

I k.sak 057/13 den 14.11.2013, vart forprosjektet vedteke avslutta og hovudprosjektet starta opp. Leiar i plan- og byggjenemnda vart gjort til prosjektansvarleg. Prosjektleiari i kommunen fekk ansvaret for sekretærfunksjonen i hovudprosjektet. Plan- og byggjenemnda fekk ansvaret for å involvere brukarrepresentantar og fagpersonar ved behov.

I tida mellom desse to kommunestyrevedtaka har det vore fleire møter i styringsgruppa og referansegruppa for dette byggjeprojektet.

Motteke data for byggjeprojekt «HDU-bustadar på Hauge»

I våre e-postar til kommunen som gjeld informasjonsinnhenting kring tematikken i tinginga frå kontrollutvalet, har vi poengtert at vi ynskjer dokumentasjon på rapporteringa i prosjekta til kommunestyret. Vårt fokus er jf. tinginga å sjå etter i kva grad rapportering samsvarar med reglement og vedtak fatta av kompetent organ i kommunen.

På prosjektet HDU bustadar på Hauge fekk vi tilsendt eit referat frå møte i Plan- og byggjenemnda frå møte i mai 2011, ein presentasjon av planane og prosjektet for brukarane frå eit møte i august 2011, ein informasjonspresentasjon for formannskapet september 2011, eit møtereferat frå eit møte mellom ansvarleg søkjar/prosjekterande arkitekt og sentralt tilsette i kommunen den 09. september 2013. Det går fram av dette møtereferatet at prosjektleiari i kommunen orienterte leiar i Plan- og byggjenemnda pr telefon i etterkant av møtet.

Det siste dokumentet vi har er eit møtereferat frå møte i Plan og byggjenemnda den 19. september 2013. Leiar i plan- og byggjenemnda uttrykte jf. møtereferatet at plan- og byggjenemnda burde vore orientert om saka¹¹ tidlegare i prosessen.

Ombyggingsprosjekta Kalvåg oppvekst og Hauge skule.

I e-post frå kommunen får vi informasjon om at skisseprosjekt og kalkular for prosjekta vart presentert for og vedteke av formannskapet.

Det vart ikkje halde møter i Plan- og byggjenemnda på desse ombyggingsprosjekta. Det vert poengtert i e-posten frå kommunen at medlemmane i plan- og byggjenemnda sit i kommunestyret og formannskapet, og har hatt moglegheit til å involvere seg i desse prosjekta i kraft av sine verv som kommunestyrerepresentantar og formannskapsmedlemmer. Vi har ikkje motteke ytterlegare data kring desse prosjekta. Vi er ikkje kjend med om desse ombyggingsprosjekta tidlegare¹² har vore organisert i forprosjekt, og elles i samsvar med reglane i økonomireglementet punkt 9.

¹⁰ Som igjen syner vedtakshistorikken frå kommunestyret med visning til vedtaka i sak 031/11 og 016/11.

¹¹ Saka her referer til seg til ein feil frå arkitekten undervegs som førte til at Arbeidstilsynet ikkje hadde fått søknad om godkjenning frå

¹² I året før kontrollerte år (2012 – 2013)

Rapportering i form av sluttrekneskap på fullførde og avslutta byggjeprojekt.

Eit av kriteria vi har kontrollert mot er om sluttrekneskap har vorte lagt fram som skissert i økonomireglementet punkt 9.9.6 og 9.9.9. Sluttrekneskap skal leggjast fram seinast 1 år etter overtakingsforretning. Sluttrekneskapen skal formelt overlevast frå byggenemnda til kommunestyret.

Vi har difor bedt rekneskapsrevisor om status på avleverte sluttrekneskap.

I skriftleg svar frå rekneskapsrevisor får vi opplyst at det frå 2009 til august 2014 ikkje har vore levert eit einaste sluttrekneskap på investeringsprosjekt i Bremanger kommune til revisjon. I same periode er det ferdigstilt 11 prosjekt som det skulle vore levert sluttrekneskap på. Det er følgeleg heller ikkje lagt fram sluttrekneskapsaker til kommunestyret i same periode.

8 VURDERINGAR OG KONKLUSJONAR

I vår gjennomgang har vi mottatt data på dei fire prosjekta som gjekk i 2012 – 2013.

Vi vil gje våre vurderingar av desse prosjekt for prosjekt. Vurderingane vil gjerast mot dei krav til rapportering vi har utleia frå økonomireglementet punkt 9 – Reglement for investeringsprosjekt omsyneteke føringane som ligg i delegasjonsreglementet. Vi vil også drøfte og vurdere dei tilhøva vi har funne når vi gjekk gjennom ordlyd og innhald i økonomi- og delegasjonsreglementet.

8.1 Forholdet mellom Økonomireglementet og delegasjonsreglementet

Økonomireglementet i Bremanger kommune vart vedteke i 2002. På dei åra som har gått, har utviklinga i Bremanger kommune både politisk og administrativt endra seg.

Slik vi ser det stemmer difor ikkje kart og terreng like godt no, som for 12 år sidan. I så måte syner vi til delegasjonsreglementet som vart revidert i k.sak 006/13 i februar 2013.

Døme

I delegasjonsreglementet punkt 1.2 – Politisk organisering finn vi dei lovpålagde utvala og kva nemnder, råd og utval som er oppretta for perioden 2012 – 2015. Her finn vi at finansutvalet¹³ ikkje lenger eksisterer. I økonomireglementet derimot eksisterer finansutvalet. Der er finansutvalet tillagt fullmakter og ansvar frå kommunestyret til å mellom anna fordele nettorammer på dei ulike ansvar og artar, og gjere budsjettjusteringar. Sjå økonomireglementet punkt 2.3.3 A – F. Denne fullmakta til eit utval som vi ikkje kan finne i delegasjonsreglementet, kolliderer etter vår oppfatning med delegasjonsreglementet punkt 1.4.3, som viser til at eit hovudprinsipp ved delegasjon og oppgåvefordeling legg til grunn at rådmannen er tillagt mynde til å disponere budsjett innanfor kvart tenestoområde. Vidare ser vi av økonomireglementet punkt 9.9.4 – Byggestart at : Melding om kostnadsoverslag og tidspunkt for igangsetjing sendast plan- og utviklingsutvalet. Sitat slutt. Problemet er her etter vårt syn at plan- og utviklingsutvalet ikkje lenger er eit utval i dagens politiske organisering. Så rapportering i dag etter punkt 9.9.4 er i beste fall vanskeleg å få gjennomført.

Elles er verdt å nemne at kommunestyret i delegasjonsreglementet punkt 3.1 gjev delegasjonsreglementet forrang dersom andre reglement/vedtekter ikkje samsvarar med reglane i delegasjonsreglementet. Slik vi ser det bør kommunen likevel vurdere å oppdatere økonomireglement, rett og slett fordi det vil gje betre oversikt, redusere risiko for mistydingar og feil, forståing av kva oppgåver, ansvar, mandat og forventningar kommunestyret har til styring og prosessar og prosedyrar på politisk og administrativt nivå.

Vår utfordring har difor vore å revidere faktisk rapportering mot eit reglement som etter vår meining på fleire område er gått ut på dato. Utfordringa ligg mellom anna i at sjølv om økonomireglementet

¹³ Sjå økonomireglementet side 9 punkt 2.2.3 – Fullmakt til finansutvalet

ikkje er oppdatert, er det formelt gjeldande og bindande, så langt det ikkje kolliderer med reglane i det oppdaterte delegasjonsreglementet.

Omgrepsbruken i økonomireglementet

Slik vi ser det, er den manglande konsekvensen i bruk av omgrep uheldig. Vi meiner det med fordel bør vurderast å nytte felles nemningar på uttrykk som investeringar, investeringsrekneskap, sluttrekneskap særleg om desse omgrepa i praksis har same innhald. Det vil etter vår vurdering gje eit meir ryddig reglement, og fjerne risiko for mistydingar.

8.2 Konklusjon

- Økonomireglementet samsvarar på fleire punkt ikkje med dagens politiske og administrative organisering, ansvar og fullmakter.
- Økonomireglementet bruker fleire omgrep som skildrar same tilhøve. Det kan bidra til å skape unødig usikkerheit kring eit reglement.

8.3 Tilråding

Det bør vurderast å gjere ein revisjon av økonomireglementet.

Om ein revisjon av økonomireglementet vert gjort, bør kommunen vurdere å eintydig definere nytta omgrep i reglementet.

Vi meiner det bør vere ei konsekvent språkdrakt i eit reglement, og klårt definerte omgrep bør gjennomgåande nyttast i heile reglementet.

8.4 Forprosjektet Svelgen omsorgssenter

I gjennomgangen av det materiale som er motteke frå kommunen er rapportering slik det er skildra i økonomireglementet ikkje fullstendig dokumentert. Det meiner vi fordi dei møtereferata vi har kontrollert, syner ingen formelle spor som kan dokumentere at dei er ekspedert vidare til kommunestyret. Korkje som sak, eller skriv og melding. Etter vår meining har ikkje byggjenemnda reelt fått den formelle status i byggjeprosessen som skissert i økonomireglementet. Der står det i punkt 9.8 at eigar (byggjenemnda) er ansvarleg for rapportering.

I dei møtereferata vi har fått er rett nok delar av nemnda med på mange av møta, men det er ikkje byggjenemnda som organ etter økonomireglementet som kallar inn til eller står som møtevert. Vi kan heller ikkje sjå at dei referata vi har fått har vorte vidareekspedert til byggjenemnda for vidare handsaming. Det vert elles synt til vedtak og mandat for både forstudie og forprosjekt som har gjeve dei føringar på organiseringa som har vore i prosjektet.

Vi kan i så måte ikkje sjå at nokon har synt til den formelle mynda og ansvaret som er gjeve byggjenemnda i økonomireglementet. Rett nok har det vorte referert til at medlemmar i plan- og byggjenemnda har stilt spørsmål til om ikkje byggjenemnda burde vore informert tidlegare i nokre prosessar, men vi kan ikkje sjå at det har resultert i konkrete tiltak eller endringar i prosessane med visning til økonomireglementet punkt 9.

Det som er formelt rapportert til formannskap og kommunestyre, er sluttrapporten frå forprosjektet Svelgen omsorgssenter, sjå kommunestyresak 004/13 og oppstart på hovudprosjektet i kommunestyresak 057/13

Det kan etter vår oppfatning sjå ut til at økonomireglementet sine reglar om byggjenemnda sine oppgåver, ansvar og status er delvis oversett. Gjennom dei mandat og vedtak som har vore fatta frå strategisk plan til hovudprosjektet, er faktisk organisering og prosess legitimert. Slik vi ser det, viser dette at det er det ein stille aksept for at reglementet er forelda og dimed kan parkerast så langt det høver. I vår samanheng har det tyding fordi vi ikkje kan finne at rapportering i prosjektet er utført slik det er kravd i økonomireglementet punkt 9. Det er, som tidlegare skrive i denne rapporten, økonomireglementet vi har utleia våre revisjonskriterier frå. Vår utfordring har difor vorte å faktisk

skildre korleis rapportering har skjedd, samstundes som vi ser at reglane for rapportering ikkje lenger vert fullt nytta av administrasjonen og politisk nivå.

I e-post frå kommuneadministrasjonen får vi vite at forprosjektet var leia av kommunalsjef og seinare prosjektleiar¹⁴. Det vert synt til at plan- og byggjenemnda var med på planleggingsmøter i 2012 – 2013. Det vert også vist til at medlemmar av plan- og byggjenemnda var med på evalueringar langs med prosessen saman med rådgjevarar innan alle fag i forprosjektet. Dette er ikkje slik vi ser det heilt i samsvar med reglane i økonomireglementet. Der vert byggjenemnda sine oppgåver som eigar av investeringane klårgjort i form av ansvaret for framdrift, rapportering og utarbeiding av sluttrekneskap. Tilsendt dokumentasjon gjev ikkje slik vi ser inntrykk av at byggjenemnda har hatt den statusen og det ansvaret i dette prosjektet. Uansett kva som er årsaka til at organiseringa av forprosjektet skil seg frå reglementet, er det etter vårt syn viktig å påpeike at reglementet gjeld, og at det framleis formelt uttrykkjer kommunestyret sitt syn på korleis investeringar skal styrast og rapporterast. Om det er slik at alle er samde om faktisk organisering og rapportering bør det etter vårt syn gjerast ein formell ryddejobb i høve økonomireglementer punkt 9. Vi meiner i så måte at det er eit ansvar som ligg til rådmannen. Det er etter vår vurdering på tide å rydde i gamle reglement. Status i dag er slik vi ser det uoversiktlig og komplisert å få tak på. Det er etter vårt syn ei komplisert oppgåve å både ha eit foreldra reglement som gjeld så langt det høver, jf delegasjonsreglementet, og samstundes ha faktiske modellar for organisering av prosjekt som avviker frå det forelda men gjeldande økonomireglementet.

8.5 Konklusjon.

- Forprosjektet Svelgen omsorgssenter har i sin tid blitt vedteken i kommunestyresak 029/10.
- I kommunestyresak 031/11 vart romprogram vedteken.
- I kommunestyresak 004/13 vart sluttrapport på forprosjektet godkjent.
- I kommunestyresak 057/13 vart forprosjektet avslutta og hovudprosjektet oppstarta. Etter økonomireglementet punkt 9.8 skulle det vore byggjenemnda som organ som la sakene fram for formannskap og kommunestyre. Det har ikkje vore tilfelle i forprosjekt Svelgen omsorgssenter. Byggjenemnda som organ har ikkje hatt den rolla det er tildelt etter økonomireglementet punkt 9.8.
- Rapportering som skildra i økonomireglementet punkt 9.9.4 (om melding til plan- og utviklingsutvalet) er ikkje mogleg å etterkome, då plan- og utviklingsutvalet ikkje lenger eksisterer.

8.6 HDU bustader på Hauge.

Vi syner til våre vurderingar under overskrifta Forprosjektet Svelgen omsorgssenter. I det fyrste referatet frå møte i plan- og byggjenemnda i mai 2011 vart utvalet informert om saksgang og status for prosjektet. Det vart gjort av tilsette i kommunen. Det går fram av møtoreferatet at leiar for plan- og byggjenemnda meinte dei som utval burde vore kopla inn i byggjesaka tidlegare i prosessen. Dei visste lite om kva som låg i planane. Vi meiner dette illustrerer på ein god måte det faktum at byggjenemnda sin rolle som eigar og ansvarleg for framdrift, rapportering med meir ikkje har blitt gjennomført. Slik vi ser det, må byggjenemnda sin rolle etter økonomireglementet punkt 9.8 også i dette prosjektet blitt oversett. Vi ser det som uheldig at kommunen på denne måten «gløymer» vedtaket som ligg til grunn for økonomireglementet, og som gjeld til kommunestyret har vedteke

¹⁴ Om prosjektleiar i sin e-post har meint at han leia prosessen vidare som ein praktisk tilnærming til vedtak i k.sak 057/13 punkt 3, eller om han faktisk har leia prosjektet er usikkert. I alle fall seier kommunestyrevedtaket i sak 057/13 at det er leiar i plan- og byggjenemnda som er formelt prosjektansvarleg. Prosjektleiar er tillagt sekretærfunksjon i prosjektet jf. Punkt 3 1. kulepunkt i vedtaket i sak 057/13

anna. Det kan slik vi ser det være med på å tåkelegge roller, mynde og ansvar. Vi har i denne revisjonen sjølv hatt store utfordringar med å finne ut kva og kven som styrer kva i byggjeprosessane. Slik vi forstår reglementet punkt 9.8, burde alle møtereferat frå dei forskjellige styringsgruppene, referansegruppa og arbeidsutval blitt samla opp og presentert byggjenemnda i formelle møter, med innkalling, saksliste og saksutgreiingar. Slik vi har forstått reglementet skulle så byggjenemnda sine uttaler/framlegg vorte oversendt formannskap/kommunestyre for vidare handsaming. Anten som skriv/meldingssak eller som vedtakssak

Vi ser av motteke dokumentasjon at prosjektleiar så i september 2013 hadde ein presentasjon for formannskapet i Bremanger kommune. I presentasjonen vart tomte, plasseringa, reguleringsframlegget og planteikning for bustadane presentert. Det vart også lagt fram ei kalkyle for kva totalsummen ville bli. (26. mill. kr.)

Vidare vart det halde eit møte i plan- og byggjenemnda i september 2013 der utvalet hadde ein synfaring og gjennomgang av bygget. Også i dette møtet meinte leiar for plan- og byggjenemnda at utvalet burde vore orientert om sak som vedkom merknad frå Arbeidstilsynet.

Når det gjeld rapportering elles i dette prosjektet kan vi ut i frå motteke informasjon ikkje seie at rapportering frå byggjenemnda har skjedd som skissert i økonomireglementet punkt 9.

8.7 Konklusjon

- Vi har ikkje motteke data frå kommunen som syner at rapportering kring HDU bustadar Hauge er i samsvar med reglane i økonomireglementet punkt 9.

8.8 Kalvåg oppvekst og Hauge skule

Slik vi har forstått attendemeldinga frå administrasjonen har det ikkje vore eigne møter i plan- og byggjenemnda på desse ombyggingsprosjekta. Rapportering i desse prosjekta har skjedd ved at skisseprosjekt og kalkylar har vorte lagt fram for formannskapet og så blitt vedekne der. Elles har all rapportering til formannskapet og styring av desse prosjekta blitt gjort av tilsett på kommunen. Rapportering elles har skjedd ved avvik og eller endringar, og etter at prosjekta var ferdigstilt. Det vert opplyst at medlemmane i plan- og byggjenemnda sit i både kommunestyre og formannskap, og såleis hatt moglegheita til å involvere seg i prosjekta om dei har hatt ynskje om det. Økonomireglementet punkt 9 har slik vi ser det ikkje blitt etterlevd.

8.9 Konklusjon.

- Vi har ikkje motteke data frå kommunen som syner at rapportering kring ombyggingsprosjekt Kalvåg oppvekst og Hauge skule er i samsvar med reglane i økonomireglementet punkt 9.

8.10 Rapportering i form av sluttrekneskap på fullførde og avslutta byggjeprojekt.

I økonomireglementet punkt 9.9.9 går det fram at det skal utarbeidast eit sluttrekneskap på investeringsprosjekt med verdi over kr 3 000 000 som skal leggjast fram for kommunestyret. Det er etter vårt syn ein klar svikt i rutinene, og brot på økonomireglementet punkt 9.9.6, når det ikkje er lagt fram eit einaste sluttrekneskap sidan 2009. Som vi skildra under faktadelen skulle det i denne perioden vore lagt fram 11 sluttrekneskap for handsaming i kommunestyret.

8.11 Konklusjon

- Det er ikkje lagt fram sluttrekneskap til kommunestyret i Bremanger for perioden 2009 til september 2014.
- Det skulle i same periode vore lagt fram 11 sluttrekneskap.

8.12 Tilråding:

1. Vi tilrår at det blir iverksett tiltak for gjennomgang og oppdatering av aktuelt regelverk knytt til investeringsprosjekt
2. Vi tilrår at kommunen ved rådmannen i sin eigenkontroll har fokus på og vektlegg etterleving av politisk vedtekne reglement.
3. Vi meiner det bør identifiserast kvifor sluttrekneskap ikkje har blitt produsert og lagt fram for politisk handsaming. Vi meiner rådmannen bør gjere dei tiltak som er naudsynt for å få framlagt sluttrekneskap i rett tid.

9 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA

Rådmannen har desse merknadene til høyringa på forvaltningsrevisjons-rapporten:

- 1) Har rådmannen kommentarar til **informasjonen** revisor gav på oppstartsmøtet om føremålet med forvaltningsrevisjonen og den vidare saksgangen, eller til referatet frå oppstartsmøtet?
 - **Informasjonen frå revisor var ryddig og konsis.**
- 2) Har rådmannen kommentarar til revisor si **innhenting av data** i kommunen i samband med forvaltningsrevisjonen? I tilfelle kva?
 - **Nei, dette var i tråd med informasjonen vi fikk i forkant.**
- 3) Har rådmannen kommentarar til **revisjonskriteria** som ligg til grunn for konklusjonane våre? I tilfelle kva?
 - **Nei**
- 4) Kva er rådmannen sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar** og **anbefalingar**?
 - **Eg er samd med konklusjonane og tilrådingane i rapporten, men vil understreke at politikarane gjennom framlagde økonomirapportar og årsrekneskap har handsama investeringsprosjekta, men då samla.**
- 5) Vil rådmannen vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva?
 - **Ja, eg vi starte arbeidet med revisjon av økonomireglementet vedk. investeringsprosjekt. Målet er å ha eit felles rammeverk for prosjektoppfølgning i verksemda, uavhengig av om det er eit investerings- eller utviklingsprosjekt. I samband med revideringa av økonomireglementet må det og vurderast om ein skal ha ei fast plan- og byggenemnd. Alternativt kan det oppnemnast ei styringsgruppe med eit klart mandat og rapporteringsplikt tilpassa det einskilte investeringsprosjektet (storleik og kompleksitet).**
- 6) Korleis vurderer rådmannen **oppbygging og språkbruk** i rapporten?
 - **Den er OK.**
- 7) Har rådmannen **andre** merknader?
 - **Eg tykkjer arbeidet og rapporten gjev eit nyttig innspel for utvikling av prosjektoppfølginga i kommunen.**

10 UNDERSKRIFT PÅ RAPPORTEN

Førde, den 13.10.2014



Charles Litsheim

Revisjonssjef forvaltning

11 REFERANSAR

Økonomireglement Bremanger kommune	Kap 9
Delegasjonsreglement Bremanger kommune	
Kommunelova	§ 1, § 6, § 23 nr 2
Arbeidsnotat frå KRYSS- Revisjon	Vising til ISA 230 og 500
Innhenta dokumentasjon på byggjeprojekt	HDU- bustadar, Svelgen omsorgssenter, Kalvåg og Hauge skule og oppvekstsenter
E-postkorrespondanse mellom adm. og revisjon	
RSK 001	Standard for forvaltningsrevisjon

12 VEDLEGG TIL RAPPORTEN

12.1 Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav til at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig. Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Vi er etter kriteria i ovannemnde rettskilder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit i utføringa av denne forvaltningsrevisjonen.

13 KVA FORVALTNINGSREVISJON ER

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Bremanger kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging.

13.1 Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommunelova § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommunelova § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at intensjonen med ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre *systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader* ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og føresetnader. Vidare at forvaltningsrevisjonen skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla ”**RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon**” (pr. 01.02.2011) nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

13.2 KRYSS-Revisjon

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommunelova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

13.3 Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav til at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig.

Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Det er etter kriteria i ovannemnde rettskilder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit, slik vi vurderer det, korkje ved oppstart av eller langs med i utføringa av denne konkrete forvaltningsrevisjonen: Vi har ingen nærstående jf. kl § 79, 2.ledd som innehar stilling eller interesser i reviderte kommune; det er ingen tilsette som har stilling utanom KRYSS – revisjon, ingen av oss har styreverv i kommunale verksemdar eller eigeninteresser i anna verksemd som kan påverke oss i utføringa av revisjonen.

13.4 Generelt om revisjonskilder og revisjonskriterium

KRYSS-Revisjon har nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjende metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

- ❖ I RSK 001, pkt. 21, heiter det om **problemstillingar** i det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt m.a. at *revisor må ta utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og sikre at problemstillinga er eigna til å svare på bestillinga.*
- ❖ I RSK 001, punkt 24, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer m.v. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 22 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.* Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖ SK 001, pkt. 23 seier at desse revisjonskriteria skal vere *grunnngjeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området.

Ti kontrollutvalet i Bremanger
Ved SEKOM sekretariat
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:
cl

Arkivkode:
216

Journalnr.:
042/14

Dokumentdato:
14.11.2016

NOTAT:

Spørsmål til revisor i kontrollutvalsmøtet i Bremanger den 27.10.2014

I sak 29/14 handsama kontrollutvalet forvaltningsrevisjonsrapporten om prosjektrapportering og oppfølging.

I handsaminga av saka vart det frå kontrollutvalet stilt tre konkrete spørsmål kring tilhøve i rapporten til revisor.

Spørsmåla var:

1. Det vert gjort ein ekstra sjekk på at alle reglementa som er lagt til grunn i rapporten er siste versjon.
2. Det vert gjort ei vurdering i bruk av offentleglova i prosjektstyringa
3. Har dei grupper som har hatt møte i saka om omsorgssenter hatt formell status etter kommunen sine reglement ?

For å svare på spørsmåla fann vi det naturleg å starte med å be om rådmannen sitt syn på spørsmåla.

Vi sendte difor ein e-post til rådmannen, dere vi bad om svar på dei tre spørsmåla.

Vår e-post og rådmannen sitt svar ligg ved dette notatet som vedlegg.

Spørsmål 1

Etter å ha gjort ein sjekk på servicetorget, i tillegg til svaret frå rådmannen kan vi fastslå at økonomireglement i den form vi nytta det som kriterium i rapporten er den korrekte versjonen. Det som har vore gjort av endringar i økonomireglementet gjeld punkt 7 om finansforvaltning. Dette vart gjort i samband med endringa i Finansforskrifta i 2010. Bunnteksten på punkt 7 i føreliggjande økonomireglement er difor feil. Bunnteksten skal syne til kommunestyrevedtak i sak 035/10 i møte den 10.06.2010. I fylgje svaret frå rådmannen skal denne feilen i økonomireglementet rettast opp.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

Spørsmål 2.

Offentleglova § 14 syner til unntak for offentleg innsyn for dokument som er utarbeida til bruk i den interne saksførebuinga i eit organ.

I svaret frå rådmannen (sjå vedlegget) skriv han at dei har unnateke desse dokumenta offentleg innsynsrett fordi desse dokumenta var utarbeida til saksførebuinga for kommunestyret i forprosjektet Svelgen Omsorgssenter. Arbeidet i styringsgruppa og i arbeidsgruppene i dette forprosjektet vart av rådmannen definert og vurdert som internt arbeid i førebuingane til saka om forprosjektet som skulle handsamast i kommunestyret. Rådmannen syner i sitt svar også til det faktum at desse gruppene var oppretta gjennom sak i kommunestyret. Sjå kommunestyresak 031/11 i møte den 27/9 2011.

I saksutgreiinga som låg til grunn for vedtaket i kommunestyresak 031/11 vert det synt til kommunestyresak 075/09 som vedtok strategisk plan for pleie- og omsorgssektoren i Bremanger kommune med handlingsprogram 2010 – 2013.

I etterkant av k.sak 075/09 vedtok formannskapet i Bremanger den 19.1.2010 og 15.02.11 (f.sak 016/10 og f.sak 034/11) forstudien Omsorgssenter i Svelgen og revidert mandat for forprosjektet Omsorgssenter i Svelgen.

Denne organiseringa av prosjektet er då etter rådmannen sin vurdering å sjå på som organintern. Organet syner til kommunestyret og til styringsgruppa og arbeidsgruppene oppretta av kommunestyret gjennom vedtak (sjå førre avsnitt).

Spørsmålet er då om prosjektorganiseringa (i styrings- og arbeidsgrupper) kan sjåast på som eit og same organ (som om det var kommunestyret sjølv som utgjorde styrings- og arbeidsgruppene i forprosjektet).

Om det er organinternt må vurderast opp mot kriteriet sjølvstendigheit og organisering, i tillegg til eventuell delegert avgjerdsmynde.

Dersom styringsgruppa og arbeidsgruppene var under leiing av kommunestyret/formannskapet er desse gruppene ein del av organet.

Det som også må vurderast når det gjeld unntaksdokument i saka her, er kva oppgåve styringsgruppa hadde. Til dømes vil ei arbeidsgruppe som er oppnevnt av eit organ for ei særskilt saksutgreiing normalt reknast som ein del av oppnevningsorganet. Intern korrespondanse mellom gruppa og organet kan i slike tilfelle unntakast innsyn etter off.l § 14 1. ledd.

Derimot vil eit oppnevnt utval sin korrespondanse ikkje vere unntatt etter off.l § 14 dersom oppgåva er av koordinerande karakter. Til dømes samordning av aktivitet til andre organ av både politisk, fagleg og administrativ karakter. Om karakteren til utvalet er av ein slik art, vil utvalet bli rekna som eit eige organ. Og ikkje som eit hjelpeorgan underlagt td kommunestyret.

Slik rådmannen har forklara posisjonen og status til styringsgruppa kan det for undertekna sjå ut som unnataksparagrafen er rett nytta.

Det vi saknar i forklaringa frå rådmannen er i kva grad han har vurdert prinsippet om meirinnsyn jf. off.l § 11.

Når ein held denne paragrafen opp mot ordlyden i off.l § 14 sitat:

*Eit organ **kan**¹ gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har utarbeidd for si eiga interne saksførebuing, ser ein at kommunen her ikkje er pliktig å unnta dokumenta frå offentleg innsyn.*

¹ Vår utheving

Spørsmålet om rådmannen har nytta unntaksregelen i off. l § 14 korrekt må etter vår vurdering då sjåast i samanheng med ordlyden i off.l § 11 og off.l § 14 som gjev ein rett men ikkje plikt til å unnta slike dokument offentleg innsyn. Vi er av den oppfatning at organiseringa av forprosjektet svelgen Omsorgssenter stettar vilkåra i off.l § 14, og at det isolert sett ikkje er feil lovanvending. Men vi stiller likevel spørsmålet om unnataket for offentleg innsyn hadde vorte gjort om ein hadde vurdert meirinnsynsparagrafen og det faktum at det ikkje er pliktig unnatak for organinterne dokument.

Spørsmål 3

Slik vi forstår rådmannen er mandatet til styringsgruppa i forprosjektet Svelgen Omsorgssenter vedteke i kommunestyret i Bremanger kommune gjennom fleire vedtak.

Utfordringa i samband med forvaltningsrevisjonsrapporten er at ein i organiseringa av dette prosjektet hoppa bukk over dei faktiske føringane som ligg i økonomireglementet. Dette vart glømt av både kommunestyre som organ og av administrasjonen i kommunen.

Det har resultert i at reell organisering av forprosjekt Svelgen Omsorgssenter ikkje har vore i samsvar med det vedtekne økonomireglementet sine føringar kring Byggjenemnda som eigar av prosjekt. Sjå rapporten vår.

I vedlegget til dette notatet frå rådmannen vert det synt til mange kommunestyrevedtak som dokumenterer at reell organisering av forprosjektet var i samsvar med politiske vedtak.

Det må igjen tyde at dei grupper som har vore tilstades i møtetreferata som ligg til grunn for saksutgreiingane til formannskap og kommunestyre har hatt formell status i prosjektet og utgjort kommunestyret sin «forlenga arm» som organintern, og då internt saksførebuande del av kommunestyret .

Førde den 14.11.2014

Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning
KRYSS- Revisjon
Tlf : 91333046
e-post: charles.litsheim@kryssrevisjon.no

Vedlegg:

E-post til rådmannen datert 10.11.2014, med svar frå rådmannen datert 12.11.2014

VEDLEGG

Charles Litsheim

Fra: Tom Joensen <Tom.Joensen@bremanger.kommune.no>
Sendt: 12. november 2014 10:38
Til: Charles Litsheim
Kopi: Randi Ytrehus; Terje Førde; Reidar Håvardstun; Frank Husevåg
Emne: SV: Forvaltningsrevisjon - tillegg til rapport, Bremanger Spørsmål frå forvaltningsrevisor

Hei, Charles

Svar på spørsmåla:

1) Økonomireglementet

Versjonen du har motteke er det som gjeld i dag.

Når det gjeld punkt 7 i reglementet (finansforvaltning) så vart dette sist revidert i samband med endringa i Finansforskrifta i 2010.

Dette betyr at bunnteksten er feil. (Den skal referere seg til KST-035/10, 15.06.2010). Dette blir retta opp.

2) Møtereferata frå forprosjektet for Svelgen omsorgssenter: Vurdering for bruk av §14 i offentleglova:

Vi har unnateke referata fordi dokumenta vart utarbeidde til saksførebuinga for KST i forprosjektet. Arbeidet i styringsgruppa og i arbeidsgruppene vart definert/vurdert som internt arbeid som danna grunnlag for saksførebuing til KST. Styringsgruppa og arbeidsgruppene vert her definert/vurdert som ein del av det same organet. Styringsgruppa vart oppnemnt av KST for å greie ut nærare definerte områder beskrive som hovudaktivitetar frå oppdragsgjevar (KST). HA 1 var prosjektadministrasjon – døme KST- 031/11, dato: 27/9 – 11:

.....«Bakgrunn for saka:

Kommunestyret i Bremanger kommune godkjende den 15.desember 2009, sak 075/09, Strategisk plan for pleie-og omsorgssektoren i Bremanger kommune med handlingsprogram 2010-2013. I handlingsplanen er det nedfelt å ferdigstille 40 bueiningar i Svelgen omsorgssenter i 2011.

Arbeidet har vore organisert i prosjekt.

Forprosjektet har vore organisert med ordførar, Kåre Olav Svarstad, som prosjektansvarleg (PA), og kommunalsjef for helse og omsorg, Randi Ytrehus, som prosjektleiar (PL). Medlemmar i styringsgruppa er: Anne Lise Gilleshammer (Eldrerådet), Aina Alfredsen Førde (Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne), Frank Husevåg (driftsingeniør teknisk), Grete Heggelund (Fagforbundet), Tom Joensen (rådmann), Lillian Andrea Hareide (driftssjef, indre), Per Helge Eikeland (leiar i Plan og byggenemnda) og Inger Hilde (arealplanleggar-teknisk).

Under styringsgruppa har det vore 2 arbeidsgrupper i arbeid knytt til HA-3. Desse gruppene har vore sett saman av fagpersonar og representantar frå dei tilsette.

Formannskapet vedtok den 19.01.2010 (F-016/10) å gjennomføre forstudien "Omsorgssenter i Svelgen" som hadde som målsetjing m.a. å avklare best mogleg fysisk plassering av omsorgssenteret i Svelgen. Konklusjonane frå forstudien vart lagt fram for kommunestyret 15.06.2010. Her vart det tilrådd å bygge omsorgssenteret på Naustneset i tilknytning til eksisterande sjukeheim. Ein av føresetnadene var å nytte delar av eksisterande bygg inn i det nye senteret. Det vart i same sak vedteke å starte eit forprosjekt med dette som utgangspunkt. I forprosjektet skulle

ein m.a. kvalitetssikre definert arealgrunnlag frå forstudien, utarbeide kravsspesifikasjon, avklare reguleringstilhøve og detaljprosjekter og –kalkulere prosjektet.

15.02.11 vart det i F-sak 034/11 vedteke planoppstart for reguleringsplan Naustneset. I same sak var revidert mandat for forprosjektet "Omsorgssenter i Svelgen" godkjent med slike hovudaktivitetar:

HA-1, Prosjektadministrasjon

HA-2, Reguleringsplanarbeidet.

HA-3, Kvalitetssikre definert arealbehov – kjøkken, vaskeri, totalbehov funksjonar etc.

HA-4, Avklare føresetnader for oppvarming med spillvarme.

HA-5, Utarbeide spesifikasjon og utlysing av forprosjekt for prosjekteringsgruppe.

HA-6, Utforming av forprosjekt med kalkylar (planløysingar, arealutnytting, P-areal, fasade, byggehøgder og val av teknisk løysingar).

HA-7, Avslutning (Sluttrapport og sak til K-styret).»

3) Formalisering av roller

Mandat til styringsgruppa er gjeve av Kommunestyret i Bremanger i fleire vedtak. Og konklusjonen er vel her, som i din rapport, at det ikkje er samanheng mellom føringane i økonomireglementet og den faktiske organiseringa av prosjekta. I praksis har ein nytta PLP-metodikken som opererer med organisatoriske nemningar som Prosjektansvarleg (PA), Prosjektleder (PL), Styringsgruppe (SG), Referansegruppe og Arbeidsgruppe. Styringsgruppa i Forprosjektet var breidt samansett med tanke på å sikre naudsynt involvering av ulike interessentar og relevant fagkompetanse (personar):

.....**Tilstades (styringsgruppa):** Åge Tansøy (Eldrerådet), Per Helge Eikeland (leder i p&b nemnda), Inger Hilde (reguleringsarbeid), Karl Vidar Førde (PA), Inger Lise Langedal (verneombod), Lillian Hareide (driftssjef), Aud Berit Mulelid (Fagforbundet , møtte for Grete Heggelund), Tom Joensen (rådmann), Frank Husevåg (avd. ingeniør, teknisk) og Randi Ytrehus (PL).

Representantar frå Rådet for menneske med nedsette funksjonsevne hadde ikkje høve til å møte.....

Ei oppsummering/samandrag av mandat gjeve til styringsgruppa:

KST 057/13 «FRÅ FORPROSJEKT TIL HOUVDPROSJEKT – SVELGEN OMSORGSSENTER

".....**Kva saka gjeld:**

Avslutning av forprosjektet «Svelgen omsorgssenter», og oppstart av hovudprosjekt. Herunder val av entreprenør, budsjett og finansieringsplan, samt framlegg til organisering av byggeprosessen.

Bakgrunn for saka:

Arbeidet med å planlegge realisering av Svelgen omsorgssenter vart starta i 2010 med mandat gjeve 19.01.10 i F.sak 016/10. Sentrale avklaringar i forprosjektet var:

- Romprogram og arealbehov i høve til definert behov for bustader no og i framtida, jfr. Strategisk plan for pleie og omsorgssektoren.
- Fysiske føresetnader for å sikre effektiv drift.
- Om det var føremålstenleg (økonomisk og praktisk) å nytte heile eller delar av eksisterande bygningsmasse (SBS).
- Moglege finansieringsformer.

Forstudien vart prosjektorganisert med PA-ordførar, PL og styringsgruppe.

I **K.styresak 029/10** (15.06.2010) vart resultatet av forstudiet levert, og ein fekk mandat til å gjennomføre eit forprosjekt som omfatta detaljplanlegging med utgangspunkt i tilrådd modell.

I K.styresak 016/11 (14.06.2011) vart plassering av Svelgen omsorgssenter handsama på nytt. Kommunestyret gjorde vedtak om at Svelgen omsorgssenter vert plassert i Svelgen sentrum ved eksisterande helsesenter. Omregulering av tomte vart teken inn i vedteken reguleringsplanarbeid for området.

I K. styresak 031/11 (27.09.2011) var det lagt fram romprogram til politisk handsaming. Kommunestyret reduserte tal bueiningar frå 45 til 40. Styringsgruppa fekk mandat til å arbeide vidare med forprosjektet.

I K.styresak 007/12 (19.10.12) handsama Kommunestyret realiseringa av auka dekningsgrad for heildøgnsomsorg i Bremanger kommune, og auka tal bueiningar frå 40 til 45, observasjonsrom/korttidsrom for begge kjønn og kjøkken på 150 rutemeter.

I K.styresak 004/13 (07.02.2013) vart sluttrapporten for forprosjektet Svelgen omsorgssenter godkjent og følgjande punkt vedteke:

- *Plan –og byggenemnda (medlemmar frå styringsgruppa + fagleiarar) fører prosjektet vidare med fokus på følgjande oppgåver:*
- *Utarbeide kravspesifikasjon.*
- *Lyse ut arbeidet ut på tilbod som totalentreprise.*
- *Sende planen til uttale til: AMU, arbeidstilsynet, mattilsynet, eldrerådet, rådet for menneske med nedsette funksjonsevne, m.m*
- *Husbanken for avklaring av finansiering*
- *STIF for utarbeiding av samarbeidsavtale.*
- *Plan-og byggenemnda informerer referansegruppa i prosessen. Det skal haldast minst eit fellesmøte før endeleg handsaming i Kommunestyret.*
- *Plan-og byggenemnda legg saka fram for Kommuenstyret med innstilling til val av entreprenør, kostnadsoverslag for heile prosjektet, finansieringsplan og framlegg til organisering av byggeprosessen.»*

Når det gjeld deltakarar/roller:

Personane som var involverte i forprosjektet:

.....Tilstades (styringsgruppa): Åge Tansøy (Eldrerådet), Per Helge Eikeland (leiar i p&b nemnda), Inger Hilde (reguleringsarbeid), Karl Vidar Førde (PA), Inger Lise Langedal (verneombod), Lillian Hareide (driftssjef), Aud Berit Mulelid (Fagforbundet , møtte for Grete Heggelund), Tom Joensen (rådmann), Frank Husevåg (avd. ingeniør, teknisk) og Randi Ytrehus (PL).

Representantar frå Rådet for menneske med nedsette funksjonsevne hadde ikkje høve til å møte.....

Når det gjeld arbeidsgrupper, så har desse vore oppretta av styringsgruppa og samansett med relevant fagleg kompetanse for å kvalitetssikre ulike delar av forprosjektet, i forprosjektet var ei «Rom- og arealgruppe» og ei «Kjøkkengruppe». Som døme:

«REFERAT FRÅ MØTE I ROM/AREALGRUPPEMØTE

Dato: 23.04.12

Tid: 09.00-12.15

Tilstades: Lillian Hareide, Frank Husevåg, Aud Berit Mulelid, Inger Lise Langedal, Linda Førde og

Randi Ytrehus

Målsetjing med møtet: Kvalitetssikre tidlegare arealbehov ved mellom anna å nytte Ålesund kommune sitt byggjeprogram for Hatlane omsorgssenter. Konklusjonane i dette møtet skal verte lagt fram for styringsgruppa i møte komande fredag 27.04.12.»

Oppsummert er vel konklusjonen den same som sist. Vi må avstemme reglement og faktisk gjennomføring av investeringsprosjekt . Det er lagt opp til at PLP-metodikken skal nyttast på alle prosjekt (investerings- og utviklingsprosjekt) i Bremanger kommune. Dette må implementerast i økonomireglementet, samstundes må det avklarast om plan- og byggenemnda skal ha ei rolle, eller om det skal oppnemnast ei eige styringsgruppe for kvart prosjekt.

Håpar dette gjev svar på spørsmåla dine. Er noko uklart, ta kontakt.

Med venleg helsing

Tom Joensen
Rådmann

E-post: tom.joensen@bremanger.kommune.no
Mob: 47 61 96 41

Fra: Charles Litsheim [mailto:Charles.Litsheim@kryssrevisjon.no]
Sendt: 10. november 2014 10:06
Til: Tom Joensen
Kopi: Randi Ytrehus; Terje Førde (ekstern)
Emne: VS: Forvaltningsrevisjon - tillegg til rapport, Bremanger Spørsmål frå forvaltningsrevisor

Hei
Vedlagt denne e-posten ser dere e-posten frå SEKOM sekretariat til oss i samband med vedtaket som vart gjort i kontrollutvalssak 29/14 – rapport forvaltningsrevisjon.

Av e-posten går det fram at kontrollutvalet i sist møte har bedt om ytterlegare opplysningar før dei endeleg handsamar vår avlagte forvaltningsrevisjonsrapport: «Prosjektrapportering og oppfølging».

Til spørsmål nr 1 ber vi om dykkar tilbakemelding på dette: Den versjonen av dokumentet Økonomireglement for Bremanger kommune har ein bunntekst der det står at økonomireglementet vart utarbeida 14.11.2002, og vedteke i kommunestyret 12.12.2002. Gjeld versjonen eg har motteke frå kommunen også i dag for punkt 7 i reglementet med overskrifta «Reglement for finansforvaltning»? Eller har denne vorte revidert etter 2002?

Til spørsmål 2: Vurderinga i bruk av offentleglova i prosjektstyringa kom opp som eit spørsmål i kontrollutvalsmøtet. Eg syner i så måte til alle dei dokumenta eg har motteke med overskrift: MØTEREFERAT Forprosjekt, Svelgen omsorgssenter, der kommunen med unnatak av eit møtereferat har nytta «Ikkje offentleg Off.lova § 14. Desse dokumenta, 10 stk, er med eit unnatak signert Randi Ytrehus – skrivar. Det eine dokumentet er signert Frank Husevåg – skrivar. Tidsperioden vi snakkar om strekker seg frå 02.02.2012 til 08.01.2013.

Vi ber om tilbakemelding på kva vurderingar som ligg til grunn for å nytte offentleglova § 14 på desse møtereferata.

Til spørsmål 3: Dette spørsmålet relaterer seg til møtelyden i dei møtereferata vi har spurd om i spørsmål to. Som eg har problematisert i min rapport, har ikkje økonomireglement punkt 9 «Reglement for investeringsprosjekt» sitt punkt 9.8 om byggenemnda vorte etterlevd i dei prosjekta vi har gjennomgått med omsyn til problemstillinga i tinginga av forvaltningsrevisjon.

Det vi ynskjer eit svar på er om møtelydane i dei møtereferata vi har motteke på forprosjekt Svelgen Omsorgssenter, har hatt ein formalisert rolle i dette forprosjektet. Problemet er at mange av møtereferata i perioden syner til at det er styringsgruppa som har møtt. Sjå td møtereferat datert 02.03.2012. I andre møtereferat er dei som var tilstades ikkje dei same som vert nemna styringsgruppe. Sjå td møtereferat datert 27.04.2012. I dette møtereferatet står det at kopi skal sendast til medlemmane i styringsgruppa. Kva funksjon/rolle/gruppe dei som har møtt i dette spesifikke møtet, er ikkje nedskreve i møtereferatet. Og då blir spørsmålet frå kontrollutvalet om desse har hatt ein formell status i reglementet.

Slik eg tolkar reglement for investeringsprosjektet punkt 9, har ikkje styringsgruppa eller andre konstellasjonar som har møtt i forprosjektet hatt ein formell status etter reglement for investeringsprosjekt. Det tyder at styringsgruppa

/brukergrupper (reell organisering av forprosjektet) antakeleg er legitimert gjennom td eit kommunestyrevedtak, delegert adm fullmakt eller andre tilhøve ?

Ber om svar innan torsdag den 13.11.2014.

Eg treng tida til å gå gjennom dykkar svar, og skrive tilleggsnotatet til kontrollutvalet i god tid før SEKOM sekretariat skal sende ut innkallinga til møtet i kontrollutvalet den 27.11.2014

Mvh

Charles Litsheim

Revisjonssjef forvaltning

KRYSS Revisjon

e-post: charles.litsheim@kryssrevisjon.no

tlf: 57 61 26 42

mob: 91 33 30 46

Fra: Arnar Helgheim

Sendt: 28. oktober 2014 10:25

Til: Charles Litsheim

Emne: Forvaltningsrevisjon - tillegg til rapport, Bremanger

Hei☺

Viser til møte i Bremanger kontrollutval. I sak 29/14 var rapport frå forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og oppfølging til handsaming. Utvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer tilleggsnotat frå revisor til kontrollutvalsmøte 27.11. om:

- 1. Det vert gjort ein ekstra sjekk på at alle reglementa som er lagt til grunn i rapporten er siste versjon.*
- 2. Det vert gjort ei vurdering i bruk av offentleglova i prosjektstyringa.*
- 3. Har dei grupper som har hatt møte i saka om omsorgssenter hatt formell status etter kommunen sine reglement?*

For å rekke utsending til møtet, treng eg tilleggsnotatet seinast 19. november.

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar:

Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Mobil: +47 975 81 418

Tlf arbeid: 57 61 27 84

ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval Bremanger kontrollutval	Møtedato 27.10.2014 27.11.2014	Saksnr 030/14 036/14
---	---	-----------------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/156
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

1. Kontrollutvalet tinger forvaltningsrevisjon om: Sakshandsaming av administrative vedtak og svargjeving.
2. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til pleie og omsorgstenester.
3. Er sakshandsaminga i tråd med gjeldande regelverk?
 - Følgjer kommunen forvaltningslova og offentleglova?
 - Er vedtak og melding om vedtak lett å forstå?
4. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 27. november 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015.
5. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 27.10.2014:

Framlegg frå leiar:

Saka vert utsett til neste møte.

Framlegg frå leiar vart samrøystes vedteke.

BRE-030/14 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

...

Saksutgreiing:

Vi viser til notat som vart sendt ut under Skriv og meldingar til førre møte. Her er klipp frå notatet:

Sekretariatet legg opp til at val og tinging skjer i same sak. Unntaka kan bli der utvalet ønskjer å legge til eit nytt prosjekt som ikkje sekretariatet har utgreidd. I dei høva kan det vere naudsynt at utvalet vel prosjektet og så greier vi ut tinginga til neste møte. Ulempa er at det då går 3 møte før revisor kjem i gang med sjølv arbeid. Det kan bety 2 – 3 månadar i tidstap på grunn av lang tid mellom møta.

Det er litt over 1 år som står att av funksjonsperioden for noverande kontrollutval. Det betyr at den forvaltningsrevisjonen som vert valt no, truleg blir den siste det sitjande utvalet peikar ut.

Sekretariatet kjenner ikkje til spesielle høve som tilseier at ein bør endre på den vedtekne prioriteringa i plan for forvaltningsrevisjon. Vi minner likevel om at kontrollutvalet har fått fullmakt frå kommunestyret både til å legge til nye prosjekt og til å endre rekkefølge.

Frå kommunestyret si handsaming av plan for forvaltningsrevisjon:

20.06.2013 Kommunestyret	
KST-039/13 Vedtak:	
Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:	
- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune for perioden 2013-2016. - Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt: 1. Prosjekt rapportering og oppfølging 2. Sakshandsaming av administrative vedtak og svargjeving.	
- For vidare rapportering av aktuelle prosjekt, får kontrollutvalet orientering om følgjande område. - Avvikshandtering - Sjukefråværet – årsaker og samanhenger - Lege- og legevaktordning - Barnevern - Innkjøpsrutinar - Taksering av eigedomsskatt; verk og bruk - Sikring og bruk av kunst	
Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/ eller endre prioritering i perioden.	

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet vel prosjektet:

- *Sakshandsaming av administrative vedtak og svargjeving*

I overordna analyse var det spelt inn fleire prosjekt knytt til sakshandsaming:

"Korrekt handsaming av din sak?"	Kontrollere eit utval av saker (evt. henvendelsar utanfrå) med omsyn til om formalitetsbestem- melsane blir følgde (svar innan rimeleg, tid, sakshandsaming, lovanvendelse, osv.)	Bidra til å sikre ei korrekt sakshandsaming for den einskilde innbyggjar.	Måloppnåing
----------------------------------	---	---	-------------

Generell og spesiell sakshandsaming	Er dei ulike reglement i samsvar med dagens regelverk og organisasjonsstruktur ? Vert det som skal gjerast gjort i tråd med delegasjonsfullmakter og interne styringdokument (reglement), framlagt og handsama korrekt til rett tid med korrekt informasjon til politisk nivå ? Er dialogen mellom sakshandsaming og det som skal til registrering og bokføring på plass ? Kven vurderer kva som skal stå i ei årsmelding og kva som skal skrivast frå økonomisjefen i samband med forskrift om innhald i årsberetning, m.v. ?	Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing
-------------------------------------	---	--	---

Sakshandsaminga, Vedtak, svargjeving	Etterlevelseskontroll av forvaltningslova og offentleglova sine bestemmelsar Etterleving av regelverket Responstid på henvendingar til kommunen Kjem saker opp på rett vis, etterlever ein formal-krava i forvaltningslova og offentleglova Sjå etter at det ligg føre innkallingspapirer og skriftleg sakshandsaming med møteprotokollar Informasjonsflyt til overordna organ Blir vedtak iverksett på rett vis	Kvalitetsheving og læringsverdi for forvaltningsapparatet i kommunen	Effektivitet og Produktivitet
--------------------------------------	--	--	-------------------------------

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet utformar problemstilling og avgrensing på mest mogeleg eintydig måte. I vår tilråding, tar vi utgangspunkt i ordlyden i sjølve prioriteringa, ordlyden frå overordna analyse og utforming av liknande prosjekt i andre kommunar.

Vi oppfattar det slik at ei viktig presisering ligg i sjølve prioriteringa: Det gjeld administrative vedtak. Dermed reknar vi med at sakshandsaming og vedtak til politiske organ ikkje er ein del av prosjektet.

Døme på liknande prosjekt i andre av dei kommunane SEKOM-sekretariat dekkjer:

Førde:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK: Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av din sak. 1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester 2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova 3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande <u>regeleverk</u> Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015.

Flora:

Prosjektnamn «Sakshandsaming, vedtak og svargjeving» i Flora kommune
Avgrensing av undersøkinga Kontrollen skal avgrensast til å gjelde open omsorg i Flora kommune i år 2013.
Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet Etterlever Flora kommune regelverk for: • Sakshandsaming • Innhald i vedtak, er vedtaka lett å forstå. • Overheld kommunen svarfristar etter gjeldande lover og reglar.

Førde og Flora sine prosjekt gjeld dei 2 områda der det er flest enkeltsaker (pleie/omsorg og tekniske tenester). Truleg er det også her Bremanger kommune har flest administrative vedtak.

SEKOM-sekretariat gjer framlegg om følgjande hovudproblemstilling med to utdjupande punkt:

Er sakshandsaminga i tråd med gjeldande regelverk?

- *Følgjer kommunen forvaltningslova og offentleglova?*
- *Er vedtak og annan korrespondanse lette å forstå?*

Sekretariatet rår også til at revisor får fullmakt til å gjere tilpassingar og avgrensingar i prosjektet. Det kan vere naudsynt med slike avklaringar under vegs i revisjonsarbeidet og ei slik fullmakt sikrar at framdriftsplanen vert halden. Vi rår også til at prosjektplan vert lagt fram på neste møte (27.11.) og at frist for rapport blir 1.6.15. Sekretariatet legg då opp til at kontrollutvalet kan handsame rapporten før sommarferien 2015.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 27.11.2014	Saksnr 037/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-601, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/323
---	-------------------------------------	-------------------------------

Innkjøpsrutinar

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om innkjøpsrutinar.

...

Saksutgreiing:

Denne saka vert sett på sakskartet etter avtale med leiaren i kontrollutvalet. Han har fått innspel om nokre tilhøve som det kan vere aktuelt for kontrollutvalet å undersøke. Sekretariatet legg saka fram til handsaming med kort informasjon om bakgrunn. Dersom kontrollutvalet finn det rett, kan utvalet be rådmannen svare på spørsmål om saka i neste møte.

Saksinformasjon på bakgrunn av innspel til kontrollutvalsleiar:

- Rise Næringsbygg skal ha kjøpt tenester hjå Åsmund Nesbø, tidlegare tilsett i Bremanger kommune, som no driv eige firma.
- Det kan vere at tinginga av arbeidet frå Nesbø sitt firma var gjort medan han framleis var tilsett i Bremanger kommune.
- Det vert også vist til at det kan ha vore andre eksempel på at Nesbø sitt firma utførte oppdrag for Bremanger kommune medan han sjølv var tilsett i kommunen.
- Storleiken på oppdraga og kor mange det i tilfelle har vore er ikkje kjend.

Sekretariatet ser føre seg nokre aktuelle spørsmål til rådmannen:

- Dersom det er rett at Åsmund Nesbø sitt firma har blitt tildelt oppdrag for Bremanger kommune medan han var tilsett: Korleis vart desse tenestene kjøpte inn (konkurranse, råmeavtale, fleire tilbod, direkte kjøp osv) og kven stod for tinginga?
- Har Bremanger kommune gjennom arbeidsreglement eller andre dokument retningsliner for kva bierverv tilsette kan ha og korleis / når dette skal avklarast med overordna?
- I tilfelle ein har slike reglar: Kva gjer ein for å sikre at reglane er kjende og at dei blir etterlevde?

Sekretariatet si tilråding er altså at rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å svare på aktuelle spørsmål om innkjøpsrutinar knytt til dei innspela som er komne.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 27.11.2014	Saksnr 038/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/269
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste og merknader 5 - 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Kontrollutvals-arbeid tiltak (05/09)	18.03.09	18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm Tertialrapportar (Ikkje aktuelt å sende ut jf drøfting 27.10.14) -Tilsynsrapportar Frå sak 32/14: Oppfølgingsliste og merknader 4 – 2014: <i>Utvalet ønskjer tilsendt informasjon om tilsyn som har gått til vedtak og svara på desse.</i>
Orientering – om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane. (021/13)	27.05.13	27.05.13 Vedtak KU: Orientering vert teken til vitande Kommunalsjef oppvekstsektoren orienterte: - Har ikkje fått tilbakemelding frå innleigd konsulent om Svelgen Barnehage, Langnes Barnehage og Kalvåg Barnehage. - Håpar også å få med skulane i den endelege godkjenninga. - Ingen endeleg frist frå Fylkesmannen. - Samarbeider no med Flora kommune med godkjenning av barnehagar. 27.5.14: Etterlyst svar i e-post til Bremanger kommune 3.9.14: Rådmannen informerte i KU-møte om framdrifta med godkjenning.
Forvaltningsrevisjon: Prosjektrapportering og oppfølging – Tinging (035/13)	27.11.13	Vedtak: Tinginga for prosjektet: Prosjektrapportering og oppfølging, vert godkjent med endra leveringsdato til 1. oktober 2014. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. Utkast til tinging av neste forvaltningsrevisjonsprosjekt vert lagt fram i oktober 2014. 27.11.2013 sendt KRYSS revisjon

		3.9.2014 Forvaltningsrevisor Charles Litsheim orienterte. Rapport kjem til neste møte. 27.10.2014 KU-vedtak sak 29/14: <i>Kontrollutvalet ønskjer tilleggsnotat frå revisor til kontrollutvalsmøte 27.11. om:</i> 1. <i>Det vert gjort ein ekstra sjekk på at alle reglementa som er lagt til grunn i rapporten er siste versjon.</i> 2. <i>Det vert gjort ei vurdering i bruk av offentleglova i prosjektstyringa.</i> 3. <i>Har dei grupper som har hatt møte i saka om omsorgssenter hatt formell status etter kommunen sine reglement?</i> 28.10.2014: Sendt spørsmåla til revisor.																											
Møteplan – endring (16/14)	27.5.14	Møter resten av 2014: 3. september (endra frå 2. september) 16. oktober (Seinare endra til 27. oktober) 27. november Møtetid: kl 9.30 – 12.00																											
Skriv og meldingar (20/14)	3.9.14	KU-vedtak: Kontrollutvalet vil ha kopi av administrasjonen sitt svar om tilsyn ved Kalvåg skule. Møte den 16. oktober: Flytta til 27. oktober kl 9.30.																											
Kvalitets- og avvikssystem (22/14)	3.9.14	KU-vedtak: Informasjonen vert teken til orientering. Kontrollutvalet ber om ny statusrapport på første møte i 2015.																											
Fiskerikai i Kalvåg / flytekai i Leirgulen (24/14)	3.9.14	KU-vedtak etter orientering frå rådmannen: Informasjonen vert teken til orientering.																											
Forvaltningsrevisjon: Nytt prosjekt 2014 (30/14)	27.10.14	KU-vedtak 27.10.14 (30/14): <i>Saka vert utsett til neste møte.</i>																											
Budsjett for drift av kontrollutvalet 2015 (31/14)	27.10.14	KU-vedtak: <i>Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutval 2015:</i> <table> <thead> <tr> <th>Konto</th><th>Tekst</th><th>B2015</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>10803</td><td>Møtegodtgjersle</td><td>24 000</td></tr> <tr> <td>10814</td><td>Tapt arbeidsforteneste</td><td>8 000</td></tr> <tr> <td>10990</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>3 000</td></tr> <tr> <td>11200</td><td>Anna forbruksmateriell</td><td>700</td></tr> <tr> <td>11500</td><td>Kurs / seminar</td><td>18 000</td></tr> <tr> <td>11600</td><td>Reise / diett</td><td>5 000</td></tr> <tr> <td>11959</td><td>Kontingentar</td><td>1 300</td></tr> <tr> <td></td><td>Drift av kontrollutvalet</td><td>60 000</td></tr> </tbody> </table> 28.10.14: Sendt tilrådinga til Bremanger kommune.	Konto	Tekst	B2015	10803	Møtegodtgjersle	24 000	10814	Tapt arbeidsforteneste	8 000	10990	Arbeidsgjevaravgift	3 000	11200	Anna forbruksmateriell	700	11500	Kurs / seminar	18 000	11600	Reise / diett	5 000	11959	Kontingentar	1 300		Drift av kontrollutvalet	60 000
Konto	Tekst	B2015																											
10803	Møtegodtgjersle	24 000																											
10814	Tapt arbeidsforteneste	8 000																											
10990	Arbeidsgjevaravgift	3 000																											
11200	Anna forbruksmateriell	700																											
11500	Kurs / seminar	18 000																											
11600	Reise / diett	5 000																											
11959	Kontingentar	1 300																											
	Drift av kontrollutvalet	60 000																											
Tilsyn som har gått til vedtak og svar på desse	27.10.14	Frå sak 32/14: Oppfølgingsliste og merknader 4 – 2014: <i>Utvalet ønskjer tilsendt informasjon om tilsyn som har gått til vedtak og svara på desse.</i> 28.10.14: Sendt e-post til Bremanger kommune med førespurnad om rutine med å sende desse dokumenta til SEKOM.																											

